

# Verneverdige norske vassdrag



**Oslo april 2004**

*Samarbeidsrådet for Naturvernsaker (SRN)*  
*Den Norske Turistforening*  
*Norges Naturvernforbund*  
*Norges Jeger- og Fiskerforbund*  
**WWF**

## Oppsummering av SRNs syn på verneplan for vassdrag

Etter Stortingets vedtak våren 2001 om å utvide verneplanen for vassdrag, og Stortingets og seinare Semerklæringas understreking av at vi skal la dei aller fleste vassdrag som står igjen forbli urørt, har SRN all grunn til å vente ein omfattande verneplan der dei mest verneverdige og urørte vassdraga blir med. Dagens kraftsituasjon, der vi ikkje har noe underskot, og der utfordringa er å bli mindre avhengig av vasskraft og få større fleksibilitet i kraftforsyninga, forsterker vårt syn om at det ikkje er grunnlag for å unnta vassdrag frå vern pga. kraftutbygging. SRN var derfor svært skuffa over at NVE, av ein portefølje på ca. 350 vassdrag, berre gikk inn for vassdragsvern av 37 nye objekt.

Verneplanen er vårt viktigaste verktøy for å sikre mest mulig av vår unike vassdragsnatur. Derfor må vernet i langt større grad enn i dag også hindre både kraftutbygging og andre inngrep. Dette kan best skje gjennom ein revisjon av vassressurslova, som må slå fast at f.eks. vegbygging, utfylling og grusgraving i vassstrengen er forbode, og at det heller ikkje er tillatt med regulering til drikkevassforsyning, opprusting som inneber heving/senking av over/undervatn eller endring av eksisterande konsesjonar. Lovven må også klart slå fast at utbyggingar med effekt  $\geq 1000$  kW ikkje er tillatt i verna vassdrag. På desse vilkåra kan vi **akseptere konsesjonsbehandling av søknader inn-til 1 MW**, men denne grensa må vere absolutt. Vi vil også ha ei styrking og konkretisering av dagens rikspolitiske retningslinjer.

SRN støtter vern av dei 37 vassdraga (samt to ved å utvide eksisterande nasjonalpark) NVE har gått inn for, men vil i tillegg ha med minst **23 (helst 29) av dei vassdraga** styringsgruppa har undersøkt, men **NVE har avvist**. I tillegg vil vi ha med **38 nye** vassdrag, som verken er undersøkt eller anbefalt av styringsgruppa/NVE. Vår viktigaste innvending mot NVEs innstilling er at dei mest verneverdige vassdraga ikkje er tatt med, på tvers av NVEs egne retningslinjer. Dei har nemlig klart sagt at der verneverdiar og urørtheit tilseier vern, er det lagt lite vekt på høringsuttaler mot vern. Likevel er det nettopp lokal motstand som har ført til at vassdrag som Vefsna, Bjerkreimsvassdraget osv. er tatt ut av NVEs innstilling.

Vi vil vidare peke på at NVE feilaktig hevder at eksisterande eller planlagt **vern etter naturvernloven** (nasjonalpark eller landskapsvernområde) vil sikre verdiane i mange vassdrag. Dette gjeld berre dei øvre delane (f.eks. Guddalselva (Ho.), Nausta, Gjenge-dalsvassdraget, Storelva i Skjerdalen (alle S&F), Garbergelva, Rotla (begge S-T), Jørstadelva (N-T) og Storelva (No.)). I nedre del er det stadig mulig og svært sannsynlig at kraftverk blir bygd dersom det ikkje blir vassdragsvern.

NVEs innstilling mangler også vassdrag der **konsesjonssøknad** er **avslått** av regjering eller storting. Vi kan nemne Måråi (Øvre Otta), Åbøelva, Dalelva og Vaulaelva (Sauda), Erdalselvi (heile) og Storelva (Saltfjellet). Vi anser det som heilt sjølv sagt at desse skal med, og at dette er av dei vassdrag Stortinget tenkte på da dei sa at vassdrag der kraftutbygging får store negative konsekvensar, skal prioriterast.

SRN håper at OED går grundig gjennom våre merknader til dei vassdraga NVE har avvist samt argumenta for våre tilleggsforslag. Dette, saman med heftet *La dem renne*, som OED allereie har fått (der 100 vassdrag er gitt karakterar frå 1-4 for fem fagfelt),

gir god dokumentasjon om at minst 100 nye vassdrag bør inn i verneplanen.

## SRNs synspunkt på Verneplan for vassdrag etter NVEs innstilling

Vi viser til den innstilling NVE har sendt til OED om verneplan for vassdrag. Vi viser også til styringsgruppas forslag til verneplan, og er kjent med at OED nå er i ferd med å utarbeide stortingsproposisjonen om verneplanen. Vårt utgangspunkt er at både styringsgruppas og NVEs forslag har med for få vassdrag, og at ikkje alle verneverdige vassdrag er vurdert eller prioritert. I dette dokumentet går SRN inn på ein del generelle forhold rundt verneplanen, og grunngir vårt forslag om at 100 vassdrag bør med i denne avsluttande verneplanen.

### INNLEIING

SRN er svært lite nøgd med NVEs innstilling fordi mange opplagt verneverdige vassdrag ikkje er med på lista. Vi er ikkje i tvil om at det her er utanforliggende faktorar - kraftsituasjonen hausten/vinteren 2002-03 og den påståtte krisa, hardt press frå energi-bransjen og enkelte kommunar samt NVEs ønske om å ha vassdrag i reserve til framtidig kraftproduksjon - som har ført til at 40% av styringsgruppas faglige tilråding er radert ut i høringsprosessen. Vi kan ikkje akseptere at ein tilfeldig, nedbørfattig vinter og press frå kommunar og utbyggingsinteresser kan sette til side grundige faglige vurderingar i ein nasjonal verneplan.

For øvrig var heller ikkje styringsgruppas forslag på noen måte bra nok fordi altfor få vassdrag var vurdert. Mange foreslåtte objekt vart tatt ut etter overflatisk og tilfeldig vurdering, delvis pga. tidspress og små ressursar, men også fordi det var eit klart ønske frå NVEs side å avgrense talet på vassdrag i denne verneplanrunden. SRNs kritikk er altså tosidig; styringsgruppa vurderte altfor få vassdrag i forhold til dei ca. 350 objekta som vart foreslått, og NVE reduserte styringsgruppas forslag utan faglig forankring. Det har ført til at noen av dei aller mest verneverdige vassdraga ikkje er med i denne siste verneplanrunden.

Det håper vi OED akter å gjere noe med, særlig sidan statsråd Einar Steensnæs ved diverse tilfelle har understreka at det nå er eit mål å bli mindre avhengig av vasskraft i vår energiproduksjon. SRN oppfatter det også slik at NVEs innstilling er i konflikt med

klare politiske signal gitt både i Jens Stoltenbergs nyttårstale 0101.01, behandlinga av St.meld. 37 våren 2001 og regjeringas Semerklæring.

### POLITISK ØNSKE Å SIKRE NORSK VASSDRAGSNATUR

Den endra politiske haldninga til norsk vasskraftutbygging vart tydelig under kampen om utbygging av vassdraga i Saltfjellet-Svartisen, spesielt Beiarelva. Sentrale politikarar forsto at det kom til å bli strid og konflikt om framtidige, større vasskraftprosjekt. Det heile kulminerte med at daverande statsminister Jens Stoltenberg i sin nyttårstale 01.01.01 sa nei til utbygging i Beiarn, og samtidig slo fast at epoken med store vasskraftutbyggingar var over, og at det nå var viktig å ta vare på urørt natur.

Dette nye synet kom til uttrykk i Ap-regjeringas stortingsmelding 37 (2000-01) *Om vasskrafta og kraftbalansen*, der regjeringa også foreslo å utvide verneplanen for vassdrag. Dette slutta eit klart fleirtal i komitéen (alle minus Frp) seg til, og dei uttalte:

*Komiteens flertall mener potensialet i framtidige utbygginger kombinert med den økte verdien av å sikre de gjenværende naturområdene gjør at epoken med store*

*vannkraftutbygginger er over. Flertallet mener hensynet til kommende generasjoners naturopplevelser tilsier en restriktiv holdning til vidare vassdragsutbygging, og at vi lar de aller fleste vassdrag som står igjen forbli urørt.*

Samarbeidsregjeringa, som kom i okt. '01, har Sem-erklæringa som politisk grunnlag, og sitatet over er tatt inn som basis for regjeringas vassdragspolitikk.

Med dette klare stemningsskiftet i norsk vasskraftutbyggingspolitikk, ser SRN det som naturleg at vi får ei relativt omfattande utviding av verneplanen for vassdrag. Nå er det viktig å sikre den resterande, verdifulle vassdragsnaturen mot framtidige truslar både frå kraftutbygging og andre tekniske inngrep.

## **VERNEPLANPROSESS**

### **Oppstart**

Rett etter Stortingets vedtak om å utvide verneplanen, starta NVE og DN prosessen. DN inviterte til høring om forslag til vassdrag som burde vurderast, og det vart oppretta ei rådgivande gruppe der SRN fekk to plassar. Det vart opplyst at vi nå starta med blanke ark; alle aktuelle vassdrag kunne vurderast, også dei som var avvist i tidligare verneplanar eller som hadde prosjekt i Samla plan-kat. I. Det var brukt formuleringar som "romslig utvidelse av verneplanen", og det vart gitt klart uttrykk for at det ikkje var noe mål å halde unna vassdrag for seinare kraftproduksjon.

Tvert imot vart det pekt på at Stortinget ønskte å sikre resterande norsk vassdragsnatur og særlig ville ha med vassdrag der negative verknader av vasskraftutbygging var større. Det vart også understreka frå NVEs side at vassdrag som skulle vurderast måtte ha reelle verneverdiar i form av urørt natur og natur/kulturfaglige kvalitetar. Dette er også SRN innforstått med sidan det er ein nasjonal verneplan.

### **Frå 350 til 40 vassdragsobjekt**

I DN's høringsrunde kom det inn ca. 350 forslag, der SRN sto for rundt 140. Deretter starta arbeidet med å vurdere innkomne forslag, og alle var innstilt på å luke ut objekt som ikkje hadde noe i ein nasjonal verneplan å gjere, bl.a. pga. for mye inngrep i nedbørfeltet, at forslaget berre utgjorde enkeltelement som fossar, elveavsnitt eller innsjøar (altså ikkje heile vassdrag eller sidevassdrag), eller ikkje hadde spesielle verneverdiar. Her deltok SRN, og meinte at 50-100 vassdrag skulle ut før sjølve kartlegginga tok til.

Det var derfor eit sjokk 06.03.02 da lista på 350 vassdrag var barbert ned til 69 + åtte justeringar. Her hadde NVE og DN berre tatt med objekt det var udiskutabel kunnskap om, ikkje tatt ut uaktuelle vassdrag. Dette gjorde utan tvil jobben langt mindre ressurs- og tidkrevjande, men er ikkje i tråd med Stortingets signal. Planen som vart sendt på høring i september '02 var redusert ytterligare, trass i til dels store verneverdiar i dei vassdraga som var tatt ut. Dette var etter SRNs syn heilt uforsvarlig.

Sjokket var enda større da NVE i slutten av januar i år la fram si innstilling til OED. Nå var lista nede i berre 39 nye vassdrag, derav to som skulle sikrast ved vern etter naturvernloven. Dette er definitivt ikkje er tilstrekkelig for å få med verneverdige vassdrag og dekke opp variasjonen i vassdragstypar i verneplanen.

## **OVERORDNA MERKNADER TIL NVEs INNSTILLING**

### **Vassdragsvern som grunnlag for vassressursforvaltning**

NVE refererer Stortingets og regjeringas syn om at epoken med store vasskraftutbyggingar er over, og at haldninga til vidare vasskraftutbygging må vere restriktiv. Dei fleste vassdrag bør stå att urørt, og NVE konkluderer derfor med at denne suppleringa må vere tilsvarende romslig. Det rimer svært dårlig med NVEs innstilling om å berre ta med 39 vassdrag av ein total portefølje på 350 forslag. SRN oppfatter absolutt ikkje dette som romslig.

NVE viser vidare til at EUs rammedirektiv for vassressursar legg opp til forvaltningsplanar for nedbørfeltdistrikt, og at dette i stor grad vil sikre dei verdiane som ligg til grunn for vassdragsvernet. SRN ser verneplanane som det viktigaste instrument til å sikre mest mulig av vår vassdragsarv. Det er likevel positivt at EUs rammedirektiv etter kvart blir implementert i norsk forvaltning, og vi håper at gode forvaltningsplanar kan bidra til å hindre også andre inngrep enn kraftutbygging i verna vassdrag.

### **Verneomfang**

NVE peker på at suppleringa skal fange opp vassdrag med vesentlige verneverdiar og eit representativt utval av norsk vassdragsnatur, og meiner at verneplanen berre er eitt av fleire mulige virkemiddel for å nå Stortingets mål om å ta vare på dei fleste vassdrag urørt. NVE nemner bl.a. at andre vernetiltak og vidareføring av konsesjonsbehandling med vektlegging av miljøinteresser også vil bidra til å oppfylle dette målet.

Som sagt ser SRN verneplanen som det viktigaste virkemiddel til å ta vare på vassdrag på lang sikt. Også etablering av nasjonalparkar og landskapsvernområde kan til ein viss grad sikre vassdrag, men slikt vern omfatter sjeldan heile nedbørfelt, noe vi vil kome tilbake til under gjennomgangen av enkeltvassdrag.


Konsesjonsbehandling med vektlegging av miljøinteresser har i enkelte tilfelle vist seg å bidra til å hindre utbygging. Derfor støtter vi NVEs vurdering om at vassdrag med utbyggingsprosjekt der konsesjon er avslått eller den gitte konsesjon er trekt, blir vurdert for vern. SRN vil faktisk gå lenger og hevde at slike vassdrag bør vernast. Når ei grundig konsesjonsbehandling har konkludert med at ulempene ved å bygge ut eit vassdrag er større enn nytten, bør konsekvensen bli flytting til verneplanen.

Likevel viser norsk kraftutbyggingshistorie frå krigen og fram til i dag at dette ikkje er spesielt eigna til å ta vare på vassdrag. Nærmare 70% av vasskraftpotensialet er bygd ut, derav dei fleste av våre største og mest spektakulære fossar. At utbyggingar i dag er meir naturvennlige og at miljø blir vektlagt i større grad, stemmer nok delvis. Men striden om utbygging i Saltfjellet, Øvre Otta, Sauda og Kjosnesfjorden vitner om at sterke krefter framleis vil ha kraftutbygging til skade for miljøet, og konsesjonsavslag hindrer ikkje at nye utbyggingssøknader blir fremma.

### **Energisituasjonen (og omsynet til flomdemping)**

#### **Produksjon og forbruk**

Sidan omfanget av verneplanen for enkelte aktørar ser ut til å ha samanheng med energisituasjonen, og NVE meiner energi- og effektsituasjonen kan tilleggst vekt, har SRN behov for å bruke litt plass på dette temaet.



Figur 1: Norsk kraftproduksjon og forbruk i perioden 1979-2003. Kjelde: SSB og NVE

Etter ein ekstraordinær haust/vinter 2002-03, der magasina vart kraftig nedtappa i perioden august-oktober, haustnedbøren aldri kom og vinteren kom svært tidlig, trur både kraftbransjen, kommunar/fylkeskommunar og delar av det politiske miljø at våre siste urørte vassdrag skal redde oss ut av kraftknipa. Dette er heilt feilslått politikk, og dessutan var vinteren svært utypisk for norsk energiproduksjon. Faktum er at Norge har overskot av energi, og i perioden 1992-2003 har vi i gjennomsnitt eksportert meir enn 2 TWh kraft/år. Bildet for dei fem siste åra, 99-03, er enda tydeligare, med gjennomsnittlig eksport på 4 TWh/år. Dette er basert på SSBs og NVEs offisielle tal, og går klart fram av figur 1.

NVE opererer i alle offisielle samanhengar med omgrepet *midlare produksjon*, som er gjennomsnittlig kraftproduksjon i eit normalår. Problemet er at dette normalåret aldri kjem, dei fleste år er våtare og mildare enn det tenkte normalåret, og resultatet blir høgare produksjon enn forventa og lågare forbruk. Dessutan er prognosene for åra framover meir nedbør og høgare gjennomsnittstemperatur som følgje av klimaendringar. Vi vil altså fjerne oss enda meir frå det såkalla normalåret.

I tillegg har forbruket dei siste par åra gått ned, både i industri, offentlige bygg og hushaldningar. Kraftkrevjande industri effektiviserer produksjonen kontinuerlig for å redusere kostnadsnivået, noe som også resulterer i lågare strømforbruk. I offentlige bygg har det blitt ei meir gjennomtenkt haldning til strømforbruk, noe 02/03-vinterens høge strømprisar medverka vesentlig til. Også vanlige forbrukarar ser delvis ut til å ha endra atferd gjennom strukturelle grep. Folk investerer i større grad i varmpumper, pellets-kaminar, strømstyringssystem (nattsinking), etterisolering og diverse andre enøk-tiltak. Slike endringar har varig verknad, og vil på sikt gi lågare forbruk.

### Tørrårssikring

Trass i at vi i gjennomsnitt eksporterer kraft, har vi behov for oppdekking i tørrår.

SRN

vil peke på at Norge er ein del av ein nord-europeisk kraftmarknad, der det er eit svært stort overskot på produksjonskapasitet. Det er heller ingen signal i marknaden om auka langsiktig kraftpris. Kontraktar for 2004 og 2005 ligg på under 20 øre/kWh, noe som indikerer forventning om god tilgang på kraft også på lengre sikt.

Da framstår det som langt betre å importere frå andre europeiske land i periodar med underskot enn å bygge ut våre siste urørte og verneverdige vassdrag. Kraftbransjen innvender at vi da importerer kolkraft som gir meir CO<sub>2</sub>-utslepp. Men faktum er at når f.eks. danske varmekrafterk produserer strøm for eksport, er dette eit biprodukt av fjernvarmedekking. Derfor oppstår inga ekstra forureining frå slike verk i periodar med stort varmebehov i Danmark, dvs. vinterstid da Norge har størst behov for import i tørrår. Dessutan kan det like godt vere vasskraft frå Sveits/Østerrike, atomkraft frå Frankrike/Finland/Sverige eller vindkraft frå Danmark vi importerer.

Statnett har konsesjon for å bygge ein ny kraftkabel mellom Norge og Nederland, og jobber med å få prosjektet realisert. Ein slik kabel, som primært er tenkt brukt til kraftutveksling, vil ved behov ha ein importkapasitet på 4-5 TWh, og vil redusere behovet for tørrårssikring. For øvrig er det altså lite målretta å bygge ut meir vasskraftkapasitet som tørrårssikring. Da blir vi enda meir sårbare i år med lite nedbør og kald vinter.

#### Omlegging av energipolitikken

Potensialet for meir effektiv strømbruk i Norge er stort. Direkte bruk av strøm til oppvarming er eit særtrekk ved norsk energiforbruk som gjer oss spesielt sårbare for pris-svingingar. I tillegg er elektrisk strøm ei høgverdig energikjelde og bør i utgangspunktet ikkje brukast til oppvarming. Einsidig avhengigheit av vasskraft i innanlands produksjon gjer oss svært sårbare for sviktande nedbør og kaldt ver. Det bør derfor vere eit mål å få eit meir varmebasert energisystem. I tillegg er det - både pga. klimagassutslepp og anna forureining - viktig å fase ut fossile brensler.

Vi må i større grad satse på utnytting av spillvarme, bioenergi og varmepumper. Regjeringas plan for 10 TWh energisparing og ny, fornybar energi innan 2010 bør utvidast. Meir varme framfor el til oppvarming frigjer el til andre, meir høgverdige formål og reduserer presset på overføringsnett i topplastperiodar. Også grep for å få ned strømforkbruket er nødvendig, f.eks differensiert strømtariff, ytingskrav til elektrisk utstyr og forlenging av ordninga med støtte til varmepumper, pelletskamin og styringsystem.

#### Ytterligere potensial innan vasskraft?

Er vidare vasskraftutbygging uaktuelt? SRN har som utgangspunkt at vasskraftutbyggingsepoken er over, både fordi resterande potensial er lite og konfliktfyllt, og fordi vi har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på restane av vår vassdragsnatur. Dermed kan vi bidra til å auke mangfaldet av vassdragstypar som blir sikra for ettertida. Vi kan likevel akseptere skånsame opprustingar og utvidingar der vassdragsverdien ikkje blir redusert. For oss vil det seie utbyggingar som ikkje er i konflikt med biologisk mangfald, friluftsliv, kulturminne, landskap, geologi og andre allmenne interesser. Overføring av nye, urørte vassdrag som i Sauda er heilt uakseptabelt.

### Flomdemping

SRN er ikkje samd i at flomdemping bør vurderast i samband med verneplanen. Berre nye reguleringar med større magasin kan ha ein viss flomdempe effekt. Regjering og storting har sagt nei til nye, store utbyggingar, og debatten om Saudautbygging har vist at Stortinget ser på nye magasin som konfliktfylt. I tillegg er det berre flom i nedre del av Glomma/Vorma som har nasjonale konsekvensar, og det er få aktuelle prosjekt knytt til øvre delar av desse nedbørfelta. Flomdemping bør derfor ikkje tilleggast vekt.

### **Utbygging i verna vassdrag**

Vassdragsvern bør hindre all kraftutbygging, også mini/mikrokraftverk og oppgradering av eksisterande kraftverk. Slik er det ikkje i dag, og vi drøfter derfor desse tilfella.

### Mikro- og minikraftverk

I dag er det mulig å bygge mikro- og minikraftverk i verna vassdrag når tiltaket ikkje utløyser konsesjonsplikt (dvs. ikkje omfattar allmenne interesser). I mange tilfelle er det vanskelig å dokumentere at allmenne interesser blir negativt påverka fordi allmenta ikkje er klar over at det eksisterer planar om utbygging, og dermed ikkje får varsla styresmaktene om at planane er i konflikt med allmenne interesser. I tillegg ser vi at omfattande bygging av minikraftverk i verna vassdrag gradvis reduserer verneverdien pga. sumeffekten, og at det ofte er viktige landskapselement som fossar og stryk med stor opplevingsverdi som blir bygd ut. Mikrokraftverk er ikkje noe stort problem.

Vi meiner derfor at vassdragsvernet på dette punktet må strammast inn ved ei endring av vassressurslovens (v.r.) § 35, der det blir slått klart fast at utbyggingar med effekt  $\geq$  1000 kW ikkje er tillatt i verna vassdrag. Vidare foreslår vi at også uttak til drikkevassforsyning blir omtalt i v.r. og gjort like restriktivt som andre tiltak i verna vassdrag.

Inntil eit slikt regelverk for verna vassdrag er på plass kan det vere grunn til å vurdere konsesjonsbehandling av mikro- og minikraftverk, slik NVE foreslår. Likevel ser vi ein del farer ved forslaget. Konsesjonsbehandling av alle mikro/minikraftverk i verna vassdrag kan bidra til å **legitimere kraftutbygging i verna vassdrag**, noe vi absolutt ikkje ønskjer. Vidare er vi redd for at praksis på sikt blir meir liberal enn i dag, altså at det blir lettare å få løyve til å bygge ut, fordi konsesjongivar (NVE) kan kompensere ved å sette strenge vilkår for tiltaket. Det gjeld både konsekvensar for allmenne interesser og kraftverkets storleik (effekt). For SRN er det derfor ein klar føresetnad for å godta konsesjonsbehandling (til lovverket blir stramma inn) at berre utbyggingssøknader  $\leq$  1 MW blir vurdert, og at alle tiltak som påverkar allmenne interesser blir avvist.

På visse vilkår støtter vi altså NVEs forslag om konsesjonsbehandling av minikraftverk så sant dette ikkje fører til meir liberal praksis enn i dag. Vi ser behovet for betre dokumentasjon av verneverdiar, altså oppgradering av kunnskapsgrunnlaget, slik NVE viser til, og meiner dette bør føre til at fleire søknader om bygging av minikraftverk blir avvist enn i dag, fordi ein kan dokumentere konflikt med allmenne interesser og verneverdiar. I tillegg er det eit pluss med offentlig høring av slike saker. Da kan frivillige organisasjonar bli oppdatert om planar samt gi opplysningar om allmenne interesser.

### Opprusting av eksisterande kraftverk

Dette temaet er ikkje behandla i NVEs innstilling, men er omtalt i høringsdokumentet (dokument 12 - 2002), og vi veljer derfor å gå litt inn på problematikken.

Etter dagens lovverk er det også mulig å ruste opp eksisterande kraftverk i verna vassdrag, der ein i samband med opprustinga kan heve overvatnet og/eller senke undervatnet noe. Denne formuleringa, som Stortinget opna for ved behandling av St.meld. nr. 60 (91-92) *Samlet plan for vassdrag*, er uheldig. Den inviterer til skjønsmessige avgjerder, og det kan i mange tilfelle vere tvil om kva mindre heving/senking er, også når verneverdiane i vassdraget taler imot. Vi foreslår derfor at ein går tilbake til den gamle definisjonen av opprusting, dvs. reduksjon av falltap samt teknisk modernisering og automatisering av maskininstallasjon.

Styringsgruppa reiser spørsmålet om å tillate endring av eksisterande konsesjonar etter vassdragsreguleringsloven, og understreker at dette ikkje gjeld mange vassdrag. SRN er redd ei slik endring ytterligare vil fjerne forskjellen mellom verna og ikkje-verna vassdrag (slik bygging av mange minikraftverk på sikt vil gjere). I verna vassdrag med så store kraftverk bør konsesjonen heller gå ut dersom den ikkje er evigvarande, eller utfordringa ved å få til miljøforbetringar kan bli tatt opp ved 50-årsrevisjonen. At NVE ikkje har kommentert dette spørsmålet i si innstilling, ser SRN som støtte for vårt syn.

### **Vern mot andre inngrep**

#### Klarare lovreglar

Ulike inngrep i 100m-beltet til verna vassdrag er eit problem, trass i at vassressursloven har formuleringar som skal hindre tiltak på desse areala. Vi ønskjer derfor strammare og klarare reglar for kva tiltak som ikkje er tillate i 100m-beltet. Vi registrerer bl.a. at det stadig blir bygd store vegar (også riks- og europavegar) i strandsona og til og med ved å legge ut masse i verna vassdrag. Andre eksempel er grusgraving, fjerning av kantskog og fyllingar. Lovverket må liste opp slike tiltak og konkret sette grenser for kva som er tillate og ikkje, elles kan vassdragsvernet fort bli ein illusjon.

Samtidig er det viktig å få fram at LDs og landbruksorganisasjonanes skepsis til meir vern bygger på gale oppfatningar av arealforvaltninga langs verna vassdrag. Det blir aldri aktuelt å legge strenge restriksjonar på landbruket i verna vassdrags nedbørfelt, for eksempel hogst, hyttebygging eller tradisjonelt jordbruk. Dessutan er det kommunane som styrer arealbruken langs verna vassdrag ved bruk av PBL. Kantvegetasjon er gjennom vassressursloven pekt på som verdifull å sikre, men her er reglane like både i verna og ikkje-verna vassdrag.

#### RPR for verna vassdrag

Vi er klar over at planlovutvalet, som nylig har avgitt innstilling, har sett på nåverande og mulige nye rikspolitiske retningslinjer. SRN meiner uansett at det er viktig i denne siste verneplanen å signalisere at dagens RPR for verna vassdrag ikkje fungerer etter intensjonen, og i liten grad blir brukt av kommunane fordi dei er for vage og for lite forpliktande. Det er behov for retningslinjer som mye tydeligare formidler statlig politikk på dette området, og som forplikter kommunane langt meir når det gjeld arealpolitikk langs verna vassdrag.

### **Ny gjennomgang av verneplanane**

NVE vil ha ein gjennomgang av verneplanens utval av typevassdrag, dvs. det enkelte vassdrags representativitet. Samtidig ønskjer NVE å sjå nærmare på referansevassdrag. NVE argumenterer med delvis mangelfull kunnskap, at det har skjedd inngrep og tiltak i vassdraga etter vernet samt at ein del vassdrag er kompliserte å forvalte.

SRN har i utgangspunktet ingenting imot ein slik gjennomgang. Alt som kan bidra til betre kunnskap om verna vassdrag er positivt. Vi vil likevel advare mot å ta vassdrag ut av verneplanen på eit slikt grunnlag, utan i heilt spesielle tilfelle. Vi er også overraska over at NVE bruker eit evt. behov for gjennomgang av typevassdrag til å sløyfe dette som kriterium for vern av vassdrag. Det er ingen tvil om at enkelte vassdragstypar og regionar av landet har underdekking når det gjeld verna vassdrag, sjølv om vi kanskje ikkje har alle detaljar i dette bildet. Derfor framstår det nærmast som ei unnlatingsynd når NVE veljer å sjå bort frå dette kriteriet i si innstilling til OED.

### **Grunnlaget for NVEs tilråding om det enkelte vassdrag**

#### NVEs retningslinjer

NVE hevder å ha tatt utgangspunkt i styringsgruppas vurdering og forslag, som er utarbeidd på faglig grunnlag når det gjeld verneverdi, urørtheit, brukarinteresser, utbyggingspotensial og inngrepsstatus. NVE understreker også at dette er ein nasjonal verneplan Stortinget har bedt om, og at høringsuttaler mot vern må vegast opp mot nasjonale verdiar. Vidare peker NVE på at heilskap er viktig, men at verneverdi og omsyn til urørt natur i ein del vassdrag kan bli sikra ved områdevern etter naturvernloven.

NVE viser også til at der verneverdiar og urørtheit tilseier vern, er det lagt lite vekt på høringsuttaler mot vern. NVE slår fast at det er kommunane som er planstyresmakt også i verna vassdrag og har stor innverknad på arealforvaltninga, og at vassdragsvern har som konsekvens at nasjonale interesser i ein del saker må gå framfor lokale utbyggingssaker.

NVE nemner også vassdrag med komplekse problemstillingar, og vassdrag utan kraftpotensial som i tillegg har moderate verneverdiar. I tillegg har altså NVE i kap 2 slått fast at typevassdrag ikkje er brukt som grunn for å foreslå vern.

#### NVEs bruk av retningslinjene i verneplaninnstillinga

Det er bra at NVE har lagt vekt på styringsgruppas faglige grunnlag, og at dette er ein nasjonal verneplan der heilskap, verneverdi og urørtheit er fundamentalt. Når SRN går gjennom NVEs innstilling for det enkelte vassdrag, finn vi likevel lite samsvar med det NVE sjølv hevder å ha lagt vekt på. Når mange av dei aller mest verneverdige vassdraga som er vurdert ikkje er foreslått verna, ofte berre pga. lokal motstand som NVE påstår å ha lagt lite vekt på der verneverdi/urørtheit tilseier vern, har NVE definitivt ikkje gjort jobben sin. Dette kjem vi meir tilbake til under det enkelte vassdrag.

SRN kan heller ikkje støtte synspunktet om at verneverdien i ein del vassdrag kan sikrast ved vern etter naturvernloven. Dette gjeld i praksis berre dei øvre delane av vassdrag, mens det finst konkrete og realiserbare kraftutbyggingssjakt i nedre delar som vil øydelegge nettopp den heilskapen i vassdraga som NVE sjølv understreker.

Vidare er SRN svært overraska over at typeverdi er fjerna som kriterium for vern. For det første har dette kriteriet vore svært viktig i alle dei fire tidlige verneplanane. I til-

legg er det godt dokumentert at dagens verneplanar har klare manglar både på regional fordeling, f.eks. er Telemark, Vest-Agder og Rogaland svært dårlig representert, og på enkelte vassdragstypar, bl.a. brevassdrag, kystvassdrag og næringsrike låglandsvassdrag. I tillegg har NVE brukt manglande typeverdi som grunn til å avvise vassdrag. Dette blir etter SRNs syn både ulogisk og inkonsekvent.

I den siste verneplanen for vassdrag må Stortinget få høve til å vurdere alle verneverdige vassdrag. Med NVEs innstilling får dei ikkje denne sjansen. Når elver som Vefsna, Bjerkreimsvassdraget, Nausta, Gjengedalsvassdraget, Sokndalselva, Garbergelva og Vasja ikkje er foreslått verna, har ikkje NVE gjort jobben sin i forhold til Stortingets oppdrag. Vi forventer at OED bruker det kriteriesettet som er utarbeidd, og vurderer vassdraga ut frå faktiske, faglige verdiar, ikkje lokal motstand og ønske om utbygging.

### **FORSLAG TIL VERNEPLANOBJEKT**

SRN meiner at den eksisterande verneplanen må utvidast med alle verneverdige vassdrag som ikkje er utnytta til omfattande kraftproduksjon og som har relativt stor grad av urørtheit i nedbørfeltet. På den måten kan vi oppfylle Stortingets og Regjeringas mål om å la dei fleste vassdrag som står att forbli urørt for framtida.

Vi meiner derfor NVEs innstilling er altfor dårlig fordi mange verneverdige vassdrag, bl.a. noen av dei aller mest unike, ikkje er med. Vi er usamd i dei fleste av dei vassdraga styringsgruppa og/eller NVE har tatt ut blant vassdraga som er vurdert. Vi foreslår derfor å **ta inn att 29** av desse vassdraga (23 er opplagte kandidatlar, seks kan vurderast). I tillegg foreslår vi å utvide vernet av fire objekt.

Kvalitetssikringa av vassdrag som vart tatt ut av lista før vurdering var overflatisk. SRN har derfor gjort ein så systematisk og omfattande gjennomgang av aktuelle vassdrag som mulig ut frå små ressursar. Vi foreslår **38 vassdragsobjekt i tillegg til dei som er vurdert**, samt to justeringar/suppleringar av eksisterande vern. SRNs forslag er nærmare grunnlagt under vår omtale av det enkelte vassdrag.

Vårt forslag er strukturert slik at vi først omtaler kort dei vassdraga NVE går inn for i sitt høringsforslag, deretter dei vassdraga som er vurdert men som NVE har avvist, og til slutt dei 38 vassdraga som ikkje er vurdert, men som vi sterkt meiner bør inn. Stort sett alle desse 38 var blant dei 350 vassdrag som vart foreslått i høringsrunden. Forslaga er sortert fylkesvis.

### **Vassdrag NVE går inn for å verne (39 objekt)**

NVE har foreslått vern av 39 nye vassdrag (samt å ta inn den resterande delen av Gudalsvassdraget, dvs. Søreboelva). Vi har få merknader til desse vassdraga. Dei har store verneverdiar, er jamnt over utan inngrep og dokumentasjonen i høringsrapporten viser klart at dei høyrer heime i verneplanen. For fire av objekta er det foreslått berre delvern, nemlig Tovdalsvassdraget, Erdalselvi, Kongsmoelva og Lakselva i Misvær. Her vil SRN ha fullt vern. Omtalen av desse to vassdraga kjem i neste kapittel.

## Vassdrag vurdert av styringsgruppa og NVE og avvist<sup>1</sup>

### Oppland

#### *Vismunda*

Trass i at dette vassdraget er utan store kraftressursar, og dermed ikkje står i stor fare for å bli bygd ut, ligg det i eit tettbygd område med stort arealpress, og kan bli utsett for andre typar inngrep utan eit vern. I tillegg er sidevassdrag til Mjøsa som mjøsørreten går opp i (gyte- og oppvekstområde), dårlig representert i verneplanen. I ein slik samanheng kan ikkje Etna representere Vismunda slik NVE hevder. Det er for øvrig interessant at NVE her, som i mange andre vassdrag, argumenterer med typeverdi enda dette ikkje skal brukast til å ta inn vassdrag. SRN vil også vise til styringsgruppas argument om stort biologisk mangfald knytt til vegetasjon og våtmarksfugl, og går klart inn for å ta Vismunda med i verneplanen.

#### *Måråi*

Nedbørfeltet er det nest største som Stortinget tok ut i samband med vedtak om utbygging av Øvre Otta i 1999. SRN vil også vise til styringsgruppas høringsdokument, der det i kap. 2.4 står at vassdrag som er uaktuelle for kraftutbygging gjennom konsekjonsavslag, bl.a. i Øvre Otta, skal bli tatt med i det vidare arbeid. Vi vil også peke på at det nå er lansert utvida utbygging i Øvre Otta, der planen er å overføre Breiddalsvatnet til Rauddalsvatnet og ta inn Måråi på overføringstunnelen. Dermed er det reell fare for utbygging av vassdraget, og det forsterker behovet for vern. Både Oppland fylkeskommune og Fylkesmannen i Oppland går inn for vern på same måte som styringsgruppa.

NVE peker på at det eksisterer kraftverksinngrep i nedre del av vassdraget. SRN meiner det må svært tungtvegande grunnar til for å avvise Måråi i verneplanen. Inngrepet NVE viser til, gjeld eit gammalt og lite småkraftverk som ikkje er i drift, heilt nedst i vassdraget. Dette er eit svært lite inngrep i eit vassdrag som har store verneverdiar, og som Stortinget har sagt nei til å bygge ut. SRN går derfor sterkt inn for vern av Måråi.

#### *Vinda*

Verneverdiane i nedbørfeltet er jamnt over store, jfr. vurderinga i Vp. IV. Vassdraget har mange kvalitetar knytt til eit urørt og variert vassystem, noe også NVE peker på. Nabovassdraget Etna dekker etter NVEs syn typeaspektet, men dette er eit kriterium dei ikkje legg vekt på. Dette er også NVEs einaste argumentet mot vern. Det er ingen tvil om at verneverdiar og urørtheit tilseier vern slik styringsgruppa tilrår, og SRN meiner derfor at Vinda må inn i verneplanen.

### Buskerud

#### *Nedalselva*

Vi viser til at vern av Nedalselva vil sikre eit samanhengande vern av Simoa til utløpet i Soneren, og at heilskap er eit viktig kriterium. Nedbørfeltet har stort biologisk mangfald både for fugl, pattedyr, flora og ferskvassorganismar, og har svært stor kulturminneverdi knytt til fløyting og skogsdrift. NVE argumenterer med at typeverdi er dekkja, og går mot vern. Samtidig har dei på generelt grunnlag sagt at dette ikkje blir tillagt vekt. SRN viser til heilskapen og går inn for vern.

#### *Dagali (Godfarfoss)*

---

<sup>1</sup>) For Tovdalsvassdraget, Erdalselvi, Kongsmoelva og Lakselva i Misvær er det foreslått eit delvern

Heile nedbørfeltet er verna tidligare med unntak av fallet ned mot Pålsbufjorden. Det er eit viktig poeng å få med også siste del av elva, slik at heile Dagali til utløp er verna. Godfarfossen er eit særmerkt og flott landskapselement med fossar og stryk samt øyer som delvis blir oversvømt ved høg vasstand. Noen av øyene har form av klipper, andre er skogkledd. Det er ikkje inngrep i vasstrengen, og langs elva er det attraktive fiske- og rasteplassar. Elva og fossen er viktige opplevingselement, og flora og fuglefauna bidrar til stort biologisk mangfald.

NVE avviser å ta Godfarfossen inn i verneplanen fordi det her er eit Samla plan-prosjekt i kategori I, og det nå er aktuelt å fremje ein konsesjonssøknad med tanke på kraftutbygging. Etter SRNs syn understreker dette behovet for vern, og ei utbygging vil nettopp øydeleggje verneverdiane i Godfarfossen. Vi viser også til det Stortinget har sagt om å legge særlig vekt på vern av vassdrag der kraftutbygging får mest negative konsekvensar. Godfarfossen er utan tvil eit slikt eksempel, og SRN meiner det er sær viktig å verne dette landskapselementet og få eit heilt vern av Dagali.

### Telemark

#### *Raua*

Dette er eit typisk skogsvassdrag på grensa mellom Buskerud og Telemark, med stor verdi for landskap, friluftsliv, kulturminne og dels biologisk mangfald. Kommunane ønskjer vern; Tinn grunngir dette med at vassdraget er ein framtidig ressurs for reiselivsnæringa. SRN vil legge til at Telemark har få verna vassdrag, og at Raua i Verneplan IV vart avvist berre pga. omsynet til kraftinteresser. Dette er også NVEs einaste grunn til å gå mot vern. SRN vil vise til typeverdien og at det lokalt er ønske om å sikre vassdraget mot kraftutbygging, og støtter vern av Raua.

#### *Skoevassdraget*

Vassdraget har stor verdi for biologisk mangfald, både land- og vassfauna, og eit rikt utval av naturtypar. Landskapet er variert og nedbørfeltet har stor verdi for friluftsliv, bl.a. fiske og kanopadling. Kulturminna er mange og knytt til elva. SRN er klar over at vassdraget ikkje har særlig kraftpotensial, og dermed ikkje er trua av utbygging. Det er likevel aktuelt med mini- eller småkraftverk innan nedbørfeltet. I og med at Telemark er dårlig representert på verneplanen, Fylkesmannen peker på stor verneverdi og lokal fiskeforeining har fiskerett, dvs. tilgang for allmenta, går SRN inn for vern.

### Aust-Agder

#### *Tovdalsvassdraget*

Dette er det største tilnærma urørte vassdraget på Sørlandet, og må få vern heilt ned til fjorden. Eit lite elvekraftverk i hovudelvas nedre del er ikkje grunn god nok til å hindre fullt vern. Det har i svært mange år vore arbeidd systematisk, bl.a. frå den lokale/-regionale vernegruppa, for å få heile Tovdalsvassdraget med i verneplanen. Det er heller ingen tunge kraftinteresser som tilseier at vernet bør stoppe ved Herefossfjorden. Det kan evt. vurderast å ta ut sidevassdraget Uldalsgreina, som er delvis bygd ut.

Nedre del omfatter utløpsområde med elvedelta, anadrom strekning med staden sjøaure og laks under oppbygging, fleire fossar og stryk som gjer denne delen veileigna for elvepadling og rafting, svært velutvikla elveskog prega av edellauvtre, mange fornminne og nærleik til dei største befolkningssentra på Sørlandet med svært stor verdi for friluftsliv og turgåing. Det blir lagt ned store ressursar i fiskekultivering for å bygge opp ei sterk laksestamme i vassdraget. Fiske etter anadrom fisk i vassdraget er

tilgjengelig for allmenta, ikkje minst pga. at det ligg nær Kristiansand og Lillesand. I *NOU 1991: 12b Verneplan IV for vassdrag* er det presisert at Tovdalsvassdraget er eit uvanlig og viktig verneobjekt fordi vassdraget er relativt fritt for inngrep heilt frå høg-fjellet til utløp i sjø. Dette underbygger SRNs syn om at heile Tovdalsvassdraget må vernast. Birkenes kommune og dei lokale grunneigarane støtter dette synet.

### Vest-Agder

#### *Høyeåna*

Vassdraget vart vurdert i Verneplan IV, og fagrapportane konkluderte med stor verdi både for landfauna, vassfauna og kulturminne. Dei viktigaste kvalitetane er at det er eit låglandsvassdrag med typeverdi, elva er laks- og sjøaureførande 2 km og har dessutan gode bestandar av sjølvproduserande aure, abbor og ål lenger opp i vassdraget, fuglelivet er rikt og landskapet er variert. Nedbørfeltet har noe inngrep, men er ikkje regulert. Dersom Kosåna, sidevassdrag til Mandalselva som Høyeåna, kan representere typeverdien og andre vassdragstrekk, er det ikkje heilt nødvendig å ha med Høyeåna. Vi trur likevel ikkje det er tilfelle fordi Kosåna ligg mye høgare, og foreslår derfor vern av Høyeåna. Vi vil også peke på at over 80% av vasskraftressursane i Vest-Agder er bygd ut og berre 7% verna, og det er derfor ønskelig å få fleire verna vassdrag i regionen.

#### *Sokndalselva minus Barstadgreina*

Vassdraget har stor verneverdi, noe også Verneplanutvalet for Verneplan IV var klar over (NOU 1991: 12A). Utvalet gikk likevel ikkje inn for vern pga. at delar av vassdraget var regulert, og at eit prosjekt på 117 GWh var aktuelt å realisere. Nå er begge desse forholda endra ved at den regulerte delen, Barstadgreina, er tatt ut av verneforslaget, og at utbyggingsprosjektet er skrinlagt. Nedbørfeltet har stort biologisk mangfald, er rikt på kulturminne og har eit variert og flott kulturlandskap. Her er interessante biotopar som slåttenger, kystlynghei, kulturlandskapssjøar og låglandsmyrer. Nedbørfeltet har regionale våtmarksområde for trekkfugl og hekkande fugl, og 219 artar, mange sjeldne, er registrert. Sokndalselva blir kalka årlig og laksebestanden er i sterk vekst. Fisket har stor rekreasjonsverdi og gir samtidig vesentlige økonomiske ringverknader for lokalsamfunnet. Nedbørfeltet er velegna for ulike former for friluftsliv og er lett tilgjengelig. Vassdraget har stor typeverdi, og særlig kystmiljøet ved elvas utløp i Sogndalsstrand har nasjonal verneverdi, og blir nå verna som kulturmiljø.

Vedtatt opprusting av eit kraftverk i nedbørfeltet var heilt i tråd med den løysinga alle miljøorganisasjonar samt Fylkesmannen i Rogaland gikk inn for, og som gir minimale inngrep og verknader på naturkvalitetar og laksestamme. Meir omfattande planar vart avvist pga. for store konsekvensar for naturmiljøet. Det er dermed naturleg å følgje opp dette ved å sikre vern av resten av vassdraget. Samtidig er store delar av nedbørfeltet urørt, og inngrepsfrie område 1-3 km frå tekniske inngrep utgjer heile 26% av arealet. Dette er unikt for eit låglandsvassdrag. I tillegg er denne typen næringsrike vassdrag i låglandet nær folkekonsentrasjonar mangelvare i verneplanen. SRN-organisasjonane regionalt går unisont inn for vern, det same gjer Fylkesmannen i Rogaland samt Rogaland fylkeskommune.

NVE er klar over til dels store verneverdiar, men viser til inngrep og tiltak i to av vassdragets fire hovudgreiner, og avviser derfor vern. Barstadgreina er allereie tatt ut av verneforslaget, så den er uinteressant. Orrestadgreina er den andre som er delvis regulert, men tiltaka gjeld tidligare industri og kraftproduksjon, og reguleringane er ikkje i

ikkje i bruk i dag. NVE peker også på kommunanes syn, men dei er delte, og fylkeskommunen er for vern. SRN ser derfor ikkje tungtvegande argument mot vern, og vi vil også understreke at Rogaland har svært få verna vassdrag; det meste er bygd ut. Derfor må ein vere mindre streng når det gjeld graden av urørtheit i Rogaland enn mye av landet for øvrig. NVE har heller ikkje innstilt på vern av noen vassdrag i fylket i denne verneplanrunden, og denne mangelen må rettast opp.

### *Bjerkreimsvassdraget*

Her er siste sjanse til å sikre vern av det einaste gjenverande større vassdraget i Rogaland med moderate inngrep. Både pga. stort nedbørfelt (ca. 700 km<sup>2</sup>), stor høgdegradient (0-1010 moh) og mange naturgeografiske regionar innan nedbørfeltet, er det representativt for mye av Rogalands vassdragsnatur og dekker mange naturtypar. Innan nedbørfeltet finst eit av svært få område med villmark og inngrepsfri natur i Rogaland, og det siste i sørfylket; det har vi ikkje råd til å miste. Dei fleste andre verna vassdrag i fylket er små og utan kraftpotensial, bl.a. på Jæren. I høyringsdokumentet har Bjerkreimsvassdraget fått topp verneverdi (\*\*\*\*) for alle fagfelt. Dette er altså eit av dei aller mest verneverdige vassdraga som er til vurdering i verneplanen, og det vil vere svært uheldig om ikkje Bjerkreimsvassdraget får vern. Vi vil på nytt minne om Rogalands situasjon med få og små verna vassdrag.

NVE viser til sprikande høyringssvar og at mange omsyn er knytt til Bjerkreimsvassdraget. Utnyttinga av vassdraget bør etter NVEs syn sjåast i ein større samanheng. SRN finn denne argumentasjonen underlig. NVE har tilrådd vern av mange vassdrag der kommunane er mot, noe SRN støtter fullt ut fordi det gjeld nasjonale verneverdiar. For Bjerkreimsvassdragets del er halvparten av kommunane samt Fylkesmannen og Fylkeskommunen for vern, og det bør i alle fall ikkje svekke verneargumenta.

At det er mange interesser i eit så stort vassdrag, er heller ikkje særlig overraskande, og definitivt ikkje noe argument mot vern. Tvert om har Stortinget presisert at det er særst viktig å verne vassdrag der utbygging vil gi store negative konsekvensar, altså der trusselbildet er reelt. Det er tilfelle med Bjerkreimsvassdraget, der sterke krefter vil utnytte vassdraget økonomisk. Lyse Produksjon/Dalane Energi har, delvis pga. stor lokal motstand, trekt meldinga om Ørsdal Nord/Bjordal kraftverk. I staden skal kraftressursane utnyttast ved mange "mindre" prosjekt, som i sum har minst like store skadeverknader. Ei slik bit for bit-utbygging av viktige sidevassdrag vil totalt øydeleggje heilskapen.

SRN vil også understreke at elva er blant seks som er prioritert i høyringsdokumentet om 2. runde av nasjonale laksevassdrag som DN nylig har sendt ut. Den er dermed av landets mest verdifulle lakseelver. I 2001 var den landets sjette beste lakseelv med ein fangst på ca. 15 tonn. Dette fisket gir årlige inntekter inkl. ringverknader på 6 mill. kr. SRN vil vise til styringsgruppas innstilling, som legg vekt på urørt natur, heilskap og store verneverdiar, og foreslår vern. SRN vil så sterkt vi kan be OED om å følgje styringsgruppas verneforslag.

### Hordaland

#### *Guddalselva*

Vassdraget har jamnt over stor verneverdi for dei ulike fagfelt. I tillegg er det meste av nedbørfeltet utan inngrep. I Guddalselva har fleire forvaltings- og forskingsetatar (DN, NVE, Fylkesmannen, NLH, Guddal elveeigarlag og Havforskningsinst.) eit langsiktig

prosjekt. Alle fiskeungar på veg ut av elva for å beite i fjord og hav, og all fisk som re- turnerer til elva etter opphald i sjøen, inkl. rømt oppdrettsfisks, blir fanga. Dette gir ein unik muligheit til å fastsette elvas eigenproduksjon av rekruttar av laks og sjøaure samt kor stor overlevinga i sjøen er. Dette mangler det presise data på i Norge.

I tillegg er det bygd tersklar for å auke fiskeproduksjonen. Dessutan er det planlagt og finansiert ei fisketrapp oppe i elva, som også vil auke fiskeproduksjonen. Det er svært viktig at det ikkje skjer endringar i elva som influerer på fiskebestanden, f.eks. kraftut- bygging, fordi NVE skal registrere kor mye fisk elva produserer før og etter biotop- til- taka. Endringar i vassføringa vil øydelegge den tidsserien med før/etter-målingar som nå er etablert.

Elles er Guddalselva knytt opp til DNs nasjonale vassprøveprogram, og NVE registre- rer vassføringa kontinuerlig. Derfor er Guddalselva i dag eit nasjonalt målepunkt, med etablering av ein tidsserie med unike data der presisjonen i materialet er uvanlig stor.

Vassdraget er trua av kraftutbygging fordi det er konkrete planar om å overføre 15% av nedbørfeltet til Blåfalli for utnytting i eksisterande kraftverk. SRN støtter styrings- gruppas vurdering om stort geologisk og biologisk mangfald og mye urørt natur. Vi vil også peke på satsing på naturbasert turisme og kursverksemd, bla. knytt til sportsfiske, der intakt elv er ein føresetnad for satsinga.

NVEs argument om at mye av nedbørfeltet vil inngå i Folgefonna nasjonalpark og der- med blir sikra utan vassdragsvern, er feil. For det første er ikkje grensene fastsett enda; dei kan derfor bli mindre enn NVE har skissert, og definitivt ikkje større. For det andre blir dei nedre, bygdenære delane mest sannsynlig landskapsvernområde. Eit slikt vern vil altså ikkje hindre kraftutbygging, og SRN går klart inn for å ta Guddalselva med i verneplan for vassdrag.

### *Alsåkerelvi*

Vassdragets største kvalitet er at det er nærmast heilt urørt av tekniske inngrep. For øvrig har nedbørfeltet moderate verneverdiar, og det er utan kraftpotensial. Vi støtter styringsgruppas forslag om vern for å få eit kystvassdrag på nordre del av Folgefonn- halvøya med i verneplanen, men vurderer **Øysteseelva** som meir verneverdig (sjå om- tale lenger ut under den delen der vi omtaler vassdrag SRN vil ta inn). Dette er eit syn vi deler med Fylkesmannen.

### *Rylandselva*

Nedbørfeltet har svært stor verdi for biologisk mangfald, stor verdi for kulturmiljø og middels/stor verdi for friluftsliv. Rylandselva er eit kystvassdrag utan kraftpotensial, og med ein del inngrep i nedbørfeltet. Bl.a. er det mellom Bjørndalsvatnet og Stora- vatnet sprengt ut ein kanal, og mellom Rylandsvatnet og Bjørndalsvatnet er det dem- ning/overløp slik at dei tre vatna er knytt saman. Det er også inngrep i samband med settefiskanlegg ved utløpet av Rylandsvatnet. Pga. inngrepssituasjonen støtter vi NVEs innstilling om å ikkje ta vassdraget med i verneplanen.

### Sogn og Fjordane

#### *Erdalselvi*

Vassdraget har svært stor høgdegradient, har mye innslag av inngrepsfri natur og stor verneverdi for alle fagfelt, svært stor for kulturmiljø. Eit kraftprosjekt på 221 GWh

som gikk ut på å overføre elva til Aurland vart konsesjonsbehandla og tilrådd avslått av NVE, og søkar trakk da søknaden. Det er derfor svært logisk og naturleg å foreslå vern, og tungtvegande grunnar må til for å avvise å ta vassdraget inn i verneplanen.


Verken kommunane eller fylkeskommunen ønskjer kraftutbygging, Aurland kommune og Fylkesmannen vil ha vern. Det er få inngrep i nedbørfeltet, også i nedre delar. Erdalselvi og Kolarselvi (verna nabovassdrag) utfyller kvarandre og sikrer god representativitet i dette fjellområdet mellom Lærdalsfjorden og Aurlandsfjorden.

Det er underleg at NVE viser til at typeverdien er tatt vare på gjennom vern av Kolarselvi. Like overraskande er det at NVE berre foreslår vern av øvre delar av vassdraget når dei elles på generelt grunnlag argumenterer sterkt for heilskap og at vi må ta med heile vassdrag. For Erdalselvis del er det ingenting som tilseier at vi skal unnta nedre delar frå eit vern, og SRN går sterkt inn for vern av heile vassdraget.

### *Nausta*

Vassdraget er heilt opplagt til å bli med i verneplanen. Nausta fekk stor eller svært stor verneverdi for alle fagfelt under Verneplan IV-behandlinga, men politisk hestehandel gjorde at den i staden vart flytta frå kat. III til I i Samla plan. Vi vil advare mot vedtak lokalt om å tillate elvekraftverk i hovudelva, og viser til at elveeigarlaget støtter vern.

NVEs synspunkt om at mesteparten av verneverdien blir sikra ved Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, stemmer ikkje. Forslag til landskapsvernområde omfattar øvre delar av Nausta (30%, 82 km<sup>2</sup>) og Gjengedalsvassdraget (55%, 95 km<sup>2</sup>, jfr. kart). Bl.a. vil Vonavatn, som er tenkt som framtidig magasin i ei utbygging, ligge utanfor verneområdet. Det ville vere svært uheldig med ei slik regulering i eit av dei 10-15 mest verneverdige vassdraga i denne verneplanen. SRN går derfor sterkt inn for vern.



### *Gjengedalsvassdraget*

Saman med Nausta utgjer vassdraget eit større, samanhengande natur- og friluftsområde, som delvis går inn i eit landskapsvern. Men som for Nausta gjeld dette ikkje nedre delar, og SRN er derfor sterkt usamd med NVE i at det meste av vassdragets verneverdi blir sikra gjennom landskapsvernet. NVE har for andre vassdrag trekt fram heilskap som eit viktig kriterium; det bør også gjelde her. Konkrete kraftprosjekt i nedre del av elva vil bli realisert dersom det ikkje blir vassdragsvern.

Vi vil også peke på at styringsgruppa gikk inn for vern av både Nausta og Gjengedalsvassdraget med referanse til mye urørt natur, stor biologisk og landskapsmessig verdi og mye friluftslivsbruk. SRN støtter dette og går inn for vern. Dersom ikkje Nausta og Gjengedalsvassdraget blir med i verneplanen blir den nærmast meningslaus for Sogn og Fjordane. Begge vassdraga er faglig sett svært kvalifisert, og dei mest verneverdige i fylket som enda ikkje er gitt vern. For begge vil kraftutbygging vere veldig negativt.

### *Indre og Ytre Offerdalselvi*

Dette er to svært urørte nabovassdrag i ytre Sogn. Området har stor verdi for friluftsliv, og ligg inntil viktige fjellområde som er leveareal for villrein. Begge nedbørfelta har også svært stor verdi for kulturminne. Det er konkrete kraftutbyggingsplanar for begge vassdrag. NVE viser til moderate verneverdiar, og avviser vern. SRN er overraska over denne argumentasjonen. Her har vi to middels store nedbørfelt som har svært få tekniske inngrep og verneverdier både for friluftsliv og kulturminne. Styringsgruppa har også gått inn for vern, og kraftutbygging kan få store negative konsekvensar. På det grunnlaget meiner SRN at både Indre og Ytre Offerdalselvi kvalifiserer for vassdragsvern.

### *Storelva (Skjerdalen)*

Nedbørfeltet har svært stor høgdegradient og derfor mange naturtypar, veldig stor del urørt natur og er i praksis utan tekniske inngrep. Andre tilsvarande dalar har markerte inngrep. Objektet har stor verdi for biologisk mangfald, landskapsbilde og kulturmiljø. Vassdraget drenerer store delar av Gjegnalundsbreen og austlige delar av Ålfotbreen. Storelva har derfor absolutt kvalitetar til å vere med i verneplanen.

NVE peker på at dei største verdiane ligg i øvre del, som vil inngå i Ålfotbreen landskapsvernområde, og går derfor mot vern. Denne argumentasjonen blir heilt feil. For det første er det lagt til grunn at verneplan for vassdrag i størst mulig grad skal gjelde heile nedbørfelt. I tillegg er noe av det unike med Stordalselva at det verken er inngrep i øvre eller nedre del. For det tredje er det kraftverksplanar i nedre del som vil øydelegge det urørte totalpreget. SRN støtter derfor sterkt styringsgruppas forslag om vern.

### Møre og Romsdal

#### *Velledalselva*

Nedbørfeltet har stort relieff og derfor mange naturtypar, vesentlig breinnslag som er uvanlig i regionen, svært stor verdi for geologisk mangfald og landskapsbilde samt stor verdi for biologisk mangfald, friluftsliv og kulturmiljø. Halvparten av feltet er urørt, spesielt øvre delar. I nedre delar er det gjort inngrep i vassstrengen, bl.a. forbygging, kanalisering, masseuttak, bygging av tersklar og strømkonsentratorar. SRN støtter vern pga. dei store verdiane i øvre del, men meiner det er andre vassdrag i Møre og Romsdal som bør prioriterast høgare når det gjeld vern.

### Skorgeelva

Nedbørfeltet har over 60% urørt natur, men delar av vassdraget har restar frå tidligare regulering i form av jordvoll og eit par dammar. I nedre del er det bilveg, skitrekk, hyttefelt og massetak. Vassdraget har stor verdi for friluftsliv, for øvrig er dei faglige verdiane moderate. SRN meiner det er viktig også å sikre noen vassdrag der friluftslivsbruken er stor, og der folk lokalt faktisk er opptatt av å ta vare på vassdraget. SRN støtter derfor vern, men meiner at det er andre vassdrag i fylket som er viktigare å verne.

### *Farstadelva*

Nedbørfeltet har stor verdi for geologisk og biologisk mangfald og kulturmiljø, middels verdi for friluftsliv og landskap. Farstadelva er eit relativt lite kystvassdrag utan kraftpotensial med lite urørt natur. Hostadvatnet er seinka 1,5m og 200m av elva nedstrøms er gravd ut og kanalisert. Mellom Hostadvatnet og sjøen, ein strekning på 4,5 km, er elva stort sett meanderande. Dette er eit verdifullt vassdragssegment, men meanderstrekningar særleg i nedre del er plastra pga jordbruk. Det gir redusert verneverdi.

SRN merker seg at både Fræna kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, Direktoratet for naturforvaltning og styringsgruppa går inn for vern. Vi støtter ikkje NVEs avvisning av typeverdien, men vil tvert imot legge vekt på denne i eit kystområde som har få verna vassdrag. SRN går derfor inn for vern, men vil likevel prioritere andre vassdrag i fylket høgare.

### Sør-Trøndelag

#### *Garbergelva*

Nedbørfeltet dekker to naturgeografiske og tre landskapsregionar, og har ingen større tekniske inngrep. Nesten 60% av feltet er urørt, mens nedre del består av kulturlandskap og jordbruk. Vassdraget har svært stor verdi for biologisk mangfald, særleg artar knytt til myr og våtmark (Prestøyen/Stråsjøen), og for kulturmiljø, både samiske verdier, kulturminne frå kvernsteinproduksjon og vasstilknyttanlegg. Vidare har Garbergelva middels/stor verdi for geologisk mangfald og friluftsliv. I Verneplan IV gikk Verneplanutvalet inn for vern, men departementet ønskte å sjå vassdraget i samanheng med nasjonalparkplanar.

SRN viser til at både Fylkesmannen, Fylkeslandbruksstyret og styringsgruppa går inn for vern, og vi vil særleg peke på styringsgruppas vektlegging av heilskap. Nedre delar av vassdraget blir ikkje med i den nylig vedtatte nasjonalparken Skarvan-Roltdalen, og det opner for kraftutbygging. SRN vil derfor sterkt støtte vern av Garbergelva.

#### *Håvikvassdraget*

Heile nedbørfeltet er i praksis urørt, dvs.  $\geq 1$  km frå tekniske inngrep. Vassdraget har stor verdi for landskapsbilde, med eit variert elveløp som veksler mellom fossar (bl.a. Fossvikfossen på 60m), juv, bratte dalar, kroksjøar og rolige parti. Elva har også stor/middels verdi for biologisk mangfald, bl.a. med vasstilknyttan raudlisteartar.

Både Fylkesmannen, Fylkeslandbruksstyret og styringsgruppa går inn for vern. NVE går mot vern fordi urørtheit er viktigaste kvalitet og fordi vassdraget er utan kraftpotensial. Det kan ikkje vere noe prinsipp at vassdrag ikkje bør med i verneplanen fordi dei ikkje har noe kraftpotensial, slik NVE argumenterer med. Når kystvassdrag har

store kvalitetar, og i tillegg ligg i ein region der det er få slike vassdrag med i verneplanen, bør dei få vern. Håvikvassdraget er eit slikt objekt, og SRN viser til DN's prioritering, og går inn for vern.

### Nord-Trøndelag

#### *Jørstadelva*

Nedbørfeltet er relativt stort, dekker tre naturgeografiske regionar og er eit typisk innlandsvassdrag med utløp i Snåsavatnet. Jørstadelva har mange kroksjøar og meandrerande strekningar, noe som er sjeldan i låglandsvassdrag. Storauren i Snåsavatnet har Jørstadelva som viktigaste gyteområde. Nedre delar av elva er noe forbygd; her er det også busetting, veg og jernbane.

Nedbørfeltet har svært stor verdi for biologisk mangfald (flora og fauna har mange sjeldne vasstilknytte artar) og kulturmiljø (inkl. mange kulturminne frå sagdrift), og stor verdi for geologisk mangfald, landskapsbilde og friluftsliv. NVE peker på at dei største verneverdiane er i øvre del, at delar av dette vil inngå i ein planlagt nasjonalpark og at typeverdien er sikra av andre verna vassdrag.

I den generelle delen av si innstilling gjer NVE eit stort poeng av at typeverdi ikkje er tillagt vekt, og at det trengst ein grundig gjennomgang av typevassdrag, mens dei her argumenterer med at typeverdien til andre verna vassdrag gjer vern av Jørstadelva unødvendig. Dette blir svært ulogisk, og kan ikkje tilleggast vekt. Nasjonalparken vil ikkje sikre dei store verdiane i nedre del av nedbørfeltet. Vi vil vise til at styringsgruppa nettopp vektlegg denne og trekk fram meandrerande elvestrekning før utløp. SRN støtter dette, og går inn for vern.

#### *Kvistaelva*

Nedbørfeltet er utan tyngre tekniske inngrep, og har ikkje busetting. Vassdraget har stor verdi for biologisk mangfald (4 km lakseførande elv, raudlista fugleartar), landskapsbilde og kulturmiljø, og har i tillegg svært store samiske interesser. Desse er særleg knytt til reindrift og samisk kulturhistorie.

NVE peker på at urørtheit er vassdragets viktigaste kvalitet, at det ikkje har kraftutbyggingspotensial samt at lokale/regionale styresmakter går mot vern. NVE vil derfor ikkje ha med vassdraget i verneplanen. SRN er ikkje samd i dette. Urørtheit er ein vesentlig kvalitet ved Kvistaelva, men den har også store faglige verdiar. Både Fylkesmannen (regional styresmakt) og styringsgruppa går inn for vern, og SRN støtter dette.

#### *Kongsmoelva med Nordfolda*

Nedbørfeltet består av to hovudgreiner som går saman 1 km før utløp, Kongsmoelva og Nordfolda, som har ulik karakter og utfyller kvarandre. Vassdraget har stor variasjon og omfattar bl.a. tre naturgeografiske regionar.  $\frac{3}{4}$  av arealet er urørt; dette gjeld særleg Nordfolda. Samløpet med Nordfolda og utløpet i sjøen er verdifulle deltaområde som er med i DN's elvedeltaprojekt.

Nedbørfeltet har stor verdi for landskapsbilde, med to markerte dalar med ulikt preg, og for kulturmiljø, med viktige kulturminne langs vassdraget. For samiske interesser har vassdraget svært stor verdi, spesielt knytt til reindrift og samisk kulturhistorie. Feltet har vidare stor/middels verdi for biologisk mangfald.

Hovudprinsippet i verneplanen er vern av heile vassdrag. Det virker derfor svært kunstig når NVE går inn for vern av Kongsmoelva, men ikkje Nordfolda, som er ein del av Kongsmoelvas nedbørfelt (samløp 1 km før utløp i fjorden). SRN peker på at styringsgruppa har lagt stor vekt på at dei to hovudgreinene utfyller kvarandre, og at Nordfolda er mest urørt. Vi viser også til at både Fylkesmannen og Namsskogan kommune vil ha vern av heile vassdraget, og SRN støtter definitivt dette standpunktet.

## Nordland

### *Eidevassdraget*

Nedbørfeltet har eit urørt preg, og har stor verdi for biologisk mangfald, landskapsbilde og samiske interesser. Elva er lakseførande, og har raudlisteartar direkte knytt til vassdraget, som storlom og elvemusling. SRN går derfor inn for vern av vassdraget på lik linje med styringsgruppa. Vi registrerer likevel at regionale og lokale instansar i stor grad går mot vern, og at verneverdiane ikkje når opp på nasjonalt nivå. Dette er derfor ikkje av dei vassdrag SRN vil prioritere høgast i Nordland; andre vassdrag i fylket er viktigare å verne.

### *Vefsna*

Av større vassdrag i Nordland som ikkje er bygd ut, er Vefsna det einaste aktuelle å verne. I kraft av stort nedbørfelt (det klart største i Nordland), stor høgdegradient og svært stor verneverdi (\*\*\*\*) for alle fagfelt er Vefsna det mest verdifulle vassdraget i denne verneplanen. Det har også stor internasjonal verdi, og i Nordisk Råds rapport frå '91 *Nordiske vassdrag – vern og inngrep*, der 14 norske vassdrag er omtalt, er det berre Vefsna som ikkje er verna mot kraftutbygging. Elva er også eit viktig laksevassdrag, og var blant Norges 10 beste før *Gyrodactilus salaris* kom som følge av Røssågutbygginga (infisert laks sett ut pga. konsesjonsvilkåra). Vefsna er prioritert i 2. runde av nasjonale laksevassdrag, og det er eit overordna mål å bli kvitt lakseparasitten. Nye undersøkingar viser at dette er mulig utan å installere fiskesperre i Forsjordfossen.

NVE viser til prosessen lokalt der kommunar og Statkraft vil ha konsekvensutgreiing av utbyggingsplanar før dei tar stilling til vern, og meiner at dei nye utbyggingsplanane har mindre negative konsekvensar enn eldre planar. Vi er klar over at Statkraft er i ferd med å utarbeide ein plan for overføring av to av sideelvane, Susna og Skarmodalselfva, til Røssåga kraftverk samt å utnytte fallet frå Fiplingdalselva nedstrøms nedre Fiplingdalsvatn til Trofors. Totalt vil dette gi ca 100 km elvestrekning der vassføringa er redusert med minst 50%, og ca 60 km der vassføringa er  $\leq 25\%$ .

Den skisserte utbygginga gir dårligare vilkår for oppvandring av laks samt gyting og oppvekst av yngel. Vidare blir grunnvasstanden i Susendalen senka, med negative konsekvensar for jordbruk. Det nasjonalt verneverdige Unkervassdeltaet vil miste mye av dynamikken pga. redusert vassføring, og raudlisteartar er trua fleire plassar pga. endra hydrologi. I tillegg blir landskaps- og opplevingsverdi klart redusert ved ei så omfattande regulering. noe som gjer vern heilt umulig. Vi vil på nytt vise til Stortingets syn om at dei store kraftutbyggingane er over.

I Vefsn kommune var 27 av 34 i kommunestyret mot å overføre vatn til Røssåga. Ein verneplan utan Vefsna, som oppfyller alle kriterium som er brukt i vurderingane, blir nærmast ein parodi. Da har verken NVE, regjering eller storting gjort jobben sin.

### *Storelva*

Vassdraget var ein del av Melfjordutbygginga, som Stortinget sa nei til ved behandling av St.meld. 37 (2000-01) våren '01. Det skal derfor svært sterke grunnar til for å halde Storelva utanom verneplanen. SRN viser til nedbørfeltets urørte preg, store landskapsmessige kontrastar og stor verdi for biologisk mangfald. For samiske interesser og reindrift er verdien svært stor. Vi støtter sterkt styringsgruppa og Fylkesmannens forslag om vern, og viser i denne samanheng til mandatet. Dette forholdet er drøfta generelt lenger fram i vårt høringsnotat.

### *Indre og Ytre Stelåga og Nattmoråga*

Dei tre vassdraga utgjer eit urørt område i ein region der det er få verna vassdrag tidligare, og bør inn i planen. Dersom ein skal bruke kriteriet om storleik, er både Ytre Stelåga og Nattmoråga godt under 10 km<sup>2</sup>, og er derfor mindre aktuelle å ha med. For å sikre områdetets kvalitetar går SRN derfor inn for å i alle fall ta med Indre Stelåga. Dette er også det klart mest urørte av dei tre, og har både villmark og inngrepsfri natur. I tillegg har Indre Stelåga stor verneverdi både for biologisk mangfald og landskap, og er svært viktig for reindrift og samiske interesser. Det bør også nemnast som eit ekstra argument at vassdraget er brepåverka.

### *Lakselva i Misvær*

SRN støtter alle instansar som går inn for vern pga svært store eller store verneverdiar for alle fagfelt. Derfor finn vi det svært underlig at NVE vil ta ut sideelva Rognlivassdraget. Denne er ein del av Lakselva, og her som elles i verneplanen må det vere eit mål å ha med heile nedbørfelt. Det er heller ikkje gitt gode grunnar for å ta denne sideelva ut, og SRN vil sterkt oppmode OED om å inkludere Rognlivassdraget i verneobjektet. Under Vp. IV-behandlinga var det aldri snakk om eit delvis vern.

### Finnmark

#### *Vassdrag til Vesterbotn i Kobbefjorden*

Finnmark er i utgangspunktet godt dekt når det gjeld verneplanvassdrag. Forslag om nye objekt bør derfor vere godt grunnlagt og innehalde store verneverdiar. Dei tre vassdraga til Vesterbotn (Neselva, Vesterelva og Austerelva), har svært stor verdi for reindrifts- og sjøsamisk kultur, men det er ikkje dokumentert andre verneverdiar. Det meste av området er utan tekniske inngrep, men Austerelva er delvis regulert. SRN meiner at verdi for samisk kultur ikkje er eit godt nok grunnlag for å ta med vassdrag, og støtter NVEs forslag om å halde dei tre vassdraga til Vesterbotn utanfor verneplanen.

#### Oppsummering av vassdrag avvist av styringsgruppa/NVE

SRN ønskjer at 29 av dei vassdraga styringsgruppa/NVE har behandla og avvist, skal inn i verneplanen, i tillegg til fire som bør få eit meir omfattande vern (heile nedbørfeltet). For to vassdrag støtter vi NVEs syn om å ikkje ta dei med. Av dei 29 vassdraga SRN vil ha med, bør 23 definitivt inn i verneplanen, mens dei fem siste har berre lokal verneverdi, og det finst betre kandidatar i fylket. Sjå tabell 1 for meir detaljar.

<i>Vassdrag</i>	<i>Verdi</i>	<i>Merknad</i>
Vismunda	**	
Måråi	**	
Nedalselva	**	

Dagali (Godfarfoss)	***	
Raua	**	
Skoevassdraget	**	
Tovdalsvassdraget	***	Utviding av NVEs forslag
Høyeåna	**	
Sokndalselva	***	
Bjerkreimsvassdraget	***	
Guddalselva	**	
Alsåkerelvi	*	
Rylandselva	0	
Erdalselvi	***	Utviding av NVEs forslag
Nausta	***	
Gjengedalsvassdraget	***	
Indre Offerdalselvi	**	
Ytre Offerdalselvi	**	
Storelva i Skjerdalen	**(*)	
Velledalselva	*	
Skorgeelva	*	
Farstadelva	*	
Garbergelva	***	
Håvikvassdraget	**	
Jørstadelva	**	
Kvistaelva	**	
Kongsmoelva/Nordfolda	**	Utviding av NVEs forslag
Eidevassdraget	*	
Vefsna	***	
Storelva	**	
Indre Stelåga	**	
Ytre Stelåga	*	
Nattmoråga	*	
Lakselva i Misvær	**	Utviding av NVEs forslag
Vassdrag til Vesterbotn	0	

*Vurdering av vassdrag avvist av NVE. \*\*\* = internasjonal/nasjonal verdi, må inn i verneplanen. \*\* = nasjonal/regional verdi, bør inn i verneplanen. \* = lokal verdi, andre vassdrag kan vurderast. 0 = støtte til NVEs syn om å avvise dei.*

### **Justering av tidligare verna vassdrag**

Utgangspunktet for verneplanen er heile nedbørfelt og vern mot kraftutbygging, men det er også lagt vekt på å unngå andre inngrep. I dei første verneplanane, særlig Verneplan I, kom det inn diverse verneobjekt som ikkje var basert på nedbørfelt. I seinare verneplanar har det blitt tatt inn vassdrag der det er gjort unntak eller avgrensingar i vernet. Dette er uheldig, og det er eit mål å rette opp slike forhold så vi får ein mest mulig einskaplig, logisk og klar verneplan. Generelt støtter vi derfor den opprydding som NVE foreslår for tidligare verna vassdrag i Telemark. Vi har likevel kommentarar til enkelte andre vassdrag.

#### *Enningdalselva med Mjølnerødfoss*

Styringsgruppa foreslår at også Mjølnerødfossen blir omfatta av vassdragsvernet, og at Enningdalselva dermed blir behandla på lik linje med andre verna vassdrag. SRN støt-

ter dette synspunktet fullt ut, og viser til at fossen er ein viktig del av vassdragets opplevingsverdi. Det vil vere svært uheldig om det blir bygd kraftverk i fossen. Ved Verneplan IV-behandlinga vart gjeldande formulering vedtatt som eit kompromiss fordi grunneigar hadde konkrete planar om utbygging. Når desse planane over 10 år seinare enda ikkje er realisert, er det all grunn til å etablere eit fullstendig vern av elva.

Ved verneplan IV-behandlinga vart det feilaktig påstått (St.prp. nr. 118, 1991-92, s. 52) at *Fylkesmannen støtter forslaget om vern, men tar ikke stilling til utbygging av Mjølnerødfoss*. Fylkesmannen var mot å unnta Mjølnerødfoss, og sendte brev om dette 13.08.92. Mjølnerødfossen er det siste ikkje utbygde, vassfallet med kraftpotensial i Østfold. Dersom den blir bygd ut, vil alle utnyttbare vassfall vere realisert i dei tre Østfold-vassdraga som Stortinget har vedtatt varig verna mot vidare kraftutbygging.

NVE peker på at det er gjennomført inngrep i fossen. Det dreier seg om restar av ein steindam etter ei tidligare regulering, og har nærmast form som eit kulturminne. Det er definitivt ikkje noe argument for å unnta Mjølnerødfossen frå vernet.

#### *Hattebergvassdraget, Hordaland*

Nedbørfeltet vart verna i Verneplan IV, men med ei spesiell formulering: ”*Departementet tilrår at Hattebergvassdraget tas med i verneplanen, men forutsetter at dette ikke er til hinder for en eventuell opprusting av kraftverket i Muradalen der en også vurderer magasineringsmulighetene, som omtalt av fylkeskommunen.*” Etter dette er opprusting/utviding av Muradalen kraftverk i ulike alternativ tre gongar behandla av storting/regjering, og blitt like klart avvist kvar gong, sist i Stortinget i juni i år. Nå er det på tide med eit utvetydig og fullstendig vern av Hattebergvassdraget, utan noen unntak. SRN ber derfor om at eksisterande formuleringar knytt til vernet blir fjerna.

#### *Gjervalelva, Nordland*

Vassdraget vart verna i Verneplan IV, men også her med eit unntak: ”*Departementet tilrår at Gjervalelva tas med i verneplanen, men forutsetter at øvre del av vassdraget kan vurderes med tanke på utbygging sammen med Sleågavassdraget.*” Nå ti år etter er det ingen planar om å realisere ei slik utbygging, og vi foreslår at også denne unntaksformuleringa blir tatt ut.

### **Vassdrag SRN foreslår tatt inn (fylkesvis gjennomgang)**

#### Østfold

Så godt som all nyttbar vasskraft i fylket er utnytta eller verna, og det er heller ingen INON-område att. På denne bakgrunn ser SRN det som lite aktuelt å foreslå vassdrag frå Østfold inn i verneplanen. Dei vassdraga som er foreslått er alle sterkt påverka av jordbruk med utretting og senkingar og av busetting. Det er heller ingen planar om kraftutbygging i dei. Verdier knytt til enkeltavsnitt i desse vassdraga er det mest naturleg å sikre ved andre typar vern, f.eks. etter naturvernloven.

#### Akershus

I likhet med Østfold er vassdraga i dette fylket sterkt påverka av urbanisering/jordbruk. Av gjenverande urørte vassdrag er Risa i Ullensaker/Eidsvoll foreslått. Det eksisterer ingen utbyggingsplanar for dette vassdraget, men det er til dels sterkt påverka av tekniske inngrep. SRN ser det derfor ikkje som ei riktig prioritering å foreslå vern av dette eller andre vassdrag i fylket i denne prosessen. På same måte som for

Østfold bør det vurderast om vern av enkeltavsnitt i vassdraga etter naturvernloven er meir eigna.

### Hedmark

Styringsgruppa og NVE foreslo tre nye vassdag frå Hedmark. Fylket har berre 7,45% av kraftpotensialet verna. 12 objekt, samt tre som dels ligg i Oppland, er verna i tidlige verneplanar. Det bør derfor vere rom for å ta med vassdraget som er omtalt under når det samtidig tilfredsstillar dei kriterium styringsgruppa har sett for nye vassdrag.

#### *Hovda, 194 km<sup>2</sup>, Stor-Elvdal, Åmot*

Vassdraget er heilt urørt av kraftutbygging. Større delar av nedbørfeltet omfatter det sørligaste inngrepsfrie området i Hedmark (med kvalifisert villmark). Det er planar om eit stort naturreservat i dei øvre delane av nedbørfeltet, opp mot Rondane nasjonalpark. Desse areala omfatter både høg andel myr med rik fauna av våtmarksfugl, inkl. fleire raudlisteartar, viktige leveområde for villrein samt store myrfaglige og botaniske verdiar. Nedbørfeltet har også stor verdi for friluftsliv som nærområde til Rondane, og gode bestandar av vilt, fisk og bær gir rike muligheter for haustingsbasert rekreasjon. Det planlagte naturreservatet vil ikkje beskytte mot inngrep i nedre del av vassdraget, dvs. fallet mot Glomma. Derfor er det sær viktig å få det med i verneplanen.

### Oppland

Oppland har verna ein vesentlig del av sine vassdrag. Dei ulike forslaga for dette fylket er derfor undergitt ei svært streng vurdering. SRN har eit tilleggsforslag som tilfredsstillar dei kriterium styringsgruppa har arbeidd etter.

#### *Fjelldokka, ca. 210 km<sup>2</sup>, Gausdal/Øystre Slidre/Etnedal*

Nedbørfeltets avgrensing er utløpet i Dokkfløymagasinet. Vassdraget er tidligare vurdert i Verneplan I, konsesjonssøknad for vasskraftutbygging og nasjonalparkplanen. Utbyggingssøknaden har fått avslag. Fråveret av tyngre tekniske inngrep er ein viktig karakter både ved nedbørfeltet og vassstrengen; einaste inngrep er veg inn til turisthytta Liomsæter. I nedbørfeltet er det inngrepsfrie areal 3-5 og 1-3 km frå tekniske inngrep.

Fjelldokka er eit svært verdifullt område for friluftsliv, og er av regional/nasjonal verdi. DNT har merka turløyper her, og Liomsæter ligg sentralt i nedbørfeltet. Gausdal fjellstyre har også opne overnattingsbuer ein dagstur frå Liomsæter. Fjellområdet er derfor mye brukt til turgåing, og eignar seg spesielt godt for barnefamiljar. I Fjelldokka finst noen av dei viktigaste geofaglige kvalitetane i heile Etna/Dokkas nedbørfelt. Vidare har nedbørfeltet diverse verneområde, bl.a. Ormtjernkampen nasjonalpark med urskog og tre naturreservat (myr). Fjelldokka har stort biologisk mangfald, mange artar hekkande våtmarksfugl, inkl. div. raudlisteartar, og eit aktivt og levande sætemiljø.

Styringsgruppa argumenterer med at ein ikkje ønskjer øvre delar av regulerte vassdrag i verneplanen, og at dette er grunnen til at Fjelldokka ikkje er med. SRN vil da få vise til objektet Dagali, der øvre del av vassdraget tidligare er verna. Styringsgruppa har foreslått å forlenge vernet til utløp i den regulerte Pålbufjorden. Vi viser også til Laksåga, der øvre del ligg i Rago nasjonalpark. Nå har NVE foreslått å utvide vernet til utløp i elva frå regulerte Faulvatn. For begge desse objekta er problemstillinga akkurat den same som for Fjelldokka; dei renn ut i regulerte delar av vassdrag. SRN vil derfor sterkt oppmode om å ta Fjelldokka med i verneplanen.

## Buskerud

22 objekt er allereie verna i fylket. SRN foreslår tre vassdrag utover styringsgruppa's forslag om vern av Nedalselva. Med 3 nye objekt vil fylket ha relativt god dekning i verneplanssamanheng.

### *Eidsåi, 68 km<sup>2</sup>, Nore og Uvdal/Tinn*

Vassdraget munnar ut i Frygnefjorden i Numedal. Vassdraget er urørt av utbyggingar, og har enkelte inngrepsfrie område øvst i nedbørfeltet. Nedre del av feltet har relativt omfattande hyttebygging og ein del skogsbilvegar. Verneverdiane er i hovudsak lokale/regionale, med unntak for eit område sør for elva ved Gjuvsgrendi som tidligare er foreslått av NINA for barskogvern og dermed har nasjonal verdi. Det er gjort funn av fleire raudlista lavartar i nedbørfeltet. Eidsåi er landskapsmessig interessant, og har enkelte mindre, nordvendte bekkeløfter, der elva delvis går i gjel og fossar. Øvre del har flotte rekreasjonsområde, med vakker natur, godt fiske, gammal ferdselsveg (tur-gåing) og fine badeplassar langs elva. Eidsåi er representativt for vestlige sidevassdrag til Lågen, og dekkar derfor også i det vesentlige verdiane i Nørdssteå, som ligg lenger sør.

### *Stavnselvi, 30 km<sup>2</sup>, Flå/Sigdal*

Sidevassdrag til Hallingdalselva. Noe inngrepsfritt areal i dei høgastliggande områda, elles ein del inngrep i nedbørfeltet. Verneverdiane er lokale/regionale, med unntak av bekkeløfta i Stavnselvi barskogreservat som har nasjonal verdi. Stavnselvi er ei av dei mest markerte elveløftene i Buskerud fylke, særlig fordi skogen her er intakt (naturskog). Verneverdiane i barskogreservatet er direkte knytt til vassføringa i vassdraget (fosserøyksamfunn), og utbyggingsplanane er ein trussel mot desse. Det er registrert mange sjeldne raudlistearter knytt til skog innan gruppene mose, sopp og lav.

### *Sævreelvi, 84 km<sup>2</sup>, Flå og Nes*

Vassdraget grensar til Stavnselvi og Sandåni. Det har noe tekniske inngrep, men det er ein god del inngrepsfrie område (1-3 km frå nærmaste inngrep) i fjellområda sør og vest i nedbørfeltet. Det er også eit mindre område som er 3-5 km frå nærmaste inngrep. Det er to naturreservat i feltet, Flenten og Svangtjørnmyra, begge av nasjonal verdi. Fuglefaunaen knytt til vassdraget er rik, og det er mange raudlistearter i gammal skog i nedbørfeltet. Landskapet er dominert av rolige former, og myrområde dekkar mye av feltet. To av desse har nasjonal verdi. Friluftslivsverdien er lokal, mens enkelte landskapselement har regional verdi. Vassdraget er urørt av kraftutbygging.

## Telemark

Etter at eit kraftprosjekt i Grunnåi, eit av dei mest urørte og verneverdige vassdraga som er att i Telemark, fekk konsesjon i 2003, foreslår SRN to objekt utover styringsgruppa's forslag. Nesten 90% av vasskraftpotensialet er bygd ut, og derfor er det få gjenverande urørte vassdrag att. Mindre enn 5% er verna. Det er derfor naturleg å inkludere alle urørte vassdrag som tilfredsstillar kriteria.

### *Håtveitåa, 40 km<sup>2</sup>, Nissedal/Fyresdal*

Bortsett frå noe busetting nedst i nedbørfeltet, og skogsdrift med skogsbilvegar lenger inn, er Håtveitåa utan tekniske inngrep. Elva var tidligare planlagt overført til nabo-vassdraget Kilåi, som nå er verna mot kraftutbygging. Det biologiske mangfaldet er middels, men det er fast villreinstamme innafør nedbørfeltet. Området er lett tilgjengeleg, og brukast av dei som har hytter i området. Ved utløpet i Nisser har elva bygd opp

lausmasseavsetningar som danner noen av dei finaste badeplassane i Telemark. Vassdraget kalkast, og har middels tettleik av aure. Det er organisert fiske og småviltjakt ved sal og utleige. Nedbørfeltet har stølsbuer som er bevart.

#### *Hovundåi, 33 km<sup>2</sup>, Tokke/Bykle*

Nedbørfeltet er avgrensa til utløpet i Botndalsvatnet. Indre delar av nedbørfeltet er verna i Verneplan I under objektet Dalaåi/Rukkeåi, så det er nedre del av vassdraget som nå er aktuelt å ta med. Største innsjø i nedbørfeltet er Poddevatn. Elles har Hovundåi eit mylder av mindre vatn og tjern som elva bind saman før den kaster seg bratt ned i Botnedalen. DNTs rutenett går like vest for vassdragets kjelder. Hovundåi er eit urørt vassdrag øvst i Telemark fylke der indre delar har villmarkspreg.

Av kvalitetar i nedbørfeltet kan nemnast at området er del av Setesdal Austhei villreinområde, og at fisket i vassdraget har tatt seg godt opp dei siste åra. Hovundåi blir brukt til jakt, fiske og villmarksbasert friluftsliv. Det er registrert dyregraver, fine gamle stølar og hustuffer frå mellomalderen i eit flott kulturlandskap. Turen langs vassdraget er ein gammal ferdselsveg til Setesdalen. Statkraft fekk i 1964 konsesjon for regulering av Poddevatn, men sa frå seg konsesjonen i 2002, i kjølvatnet av striden om utbygging av Beiarelva i Nordland. SRN ber her om ei **utviding av vernet**, slik at heile Hovundåi kjem med i verneplanen.

#### Aust-Agder

Styringsgruppa har foreslått vern av *Tovdalsvassdraget* ned til Herefossfjorden. Dette er grunnlagt med at vassdraget nedstrøms er påverka av vasskraftutbygging. Likevel erkjenner styringsgruppa at store verdiar er knytt til den nedste delen av vassdraget. SRN vil derfor at vernet skal gjelde heilt til fjorden. Generelt meiner SRN at vassdrag i verneplanen skal vere så godt som urørt av kraftutbygging. I utgangspunktet bør det også gjelde Tovdalsvassdraget, men i kraft av sin storleik og svært store representativitet bør heile vassdraget vere med. Fylkesmannens rapport konkluderer med vern heilt til fjorden. Uldalsgreina, ei sideelv til Tovdalsvassdraget med utløp i Herefossfjorden, er regulert gjennom Hanefossen kraftverk. Denne sidegreina bør gå ut av verneobjektet.

#### Vest-Agder

Styringsgruppa og NVE foreslo vern av to objekt. SRN ville i tillegg ha med Høyeåna (omtalt over blant dei undersøkte) samt Isefjærvassdraget i Kristiansand/Lillesand. Det er ønskelig å auke verneprosenten i fylket ytterligare, men dei andre foreslåtte objekta hadde ikkje tilstrekkelige kvalitetar. Hisvatn var eit svært aktuelt objekt, men i og med at OED hausten 2002 gav konsesjon for utbygging i dette vassdraget er det nå uaktuelt.

#### *Isefjærvassdraget, 10,4 km<sup>2</sup>, Kristiansand/Lillesand*

Dette er eit lite kystvassdrag med store naturfaglige verdiar. Det er eit sjøaurevassdrag, har stadegen bestand av stasjonær aure samt intakt røyebestand. Tilgjengelig strekning har svært gode gyteforhold og brukbare oppvekstforhold. Nedbørfeltet er nesten urørt av inngrep, særleg vurdert opp mot lokalisering på den utbyggingspressa Sørlandskysten. Nedbørfeltet rommer bl.a. Kristiansand kommunes siste inngrepsfrie område. Nedst renn elva gjennom litt kulturmark, elles ligg det meste av vassdraget i skogstereng, bl.a. store lauvskogsområde med vesentlege innslag av eik. Oppover i vassdraget ligg fleire større vatn i djupe terrengforseinkingar. Turmulighetene er gode, med stiar

i området og bomvegar inn mot vassdraget. Mange kulturminne knytt til bruk av elva (fløtingsdam, vassag, kanalsystem for vassdreve treskeverk) finst i nedbørfeltet.

### Rogaland

Styringsgruppa foreslo eit objekt, mens NVE tok ut dette. Av dei undersøkte ville SRN ha med Sokndalselva og Bjerkreimsvassdraget (begge omtalt over), og i tillegg ytterligare seks objekt i fylket. Fem av dei var konsesjonssøkt i sbm. Saudautbygging, og fire er nå klare for utbygging etter stortingsbehandlinga. Rogaland har ein låg andel av sine vassdrag verna, det er derfor svært uheldig at dei fleste urørte vassdraga som var att nå er gitt konsesjon. Det gjeld særskilt Lingvangelva og Tengesdalselva. Desto viktigare er det å ta med Åbøelva, der konsesjon vart avslått.

#### *Åbøelva, 82 km<sup>2</sup> i Sauda/Suldal*

Eit mindre delfelt av Åbøelva er fråført. Etter SRNs meining har dette lite å seie for verneverdiene i vassdraget fordi det ikkje er kraftverk eller oppdemming og fordi ein svært liten del av nedbørfeltet er fråført. For øvrig er det bilveg inn hovuddalen til eit større hyttefelt ved Buer, sentralt i nedbørfeltet. Buer er ei landskapsperle med store naturfaglige kvalitetar, bl.a. nasjonalt verneverdige lokalitetar for geologi og botanikk, viktige myrer med rik fuglefauna og fint utforma elvesletter. Buer er også mye brukt som utfartsområde sommar og vinter, både av hytteeigarar og folk som bur i Sauda. Nedste del av elva har stor verdi som laks- og sjøaureelv, og er kultivert i mange år. Fiske er viktig fritidsaktivitet, tilgjengelig for alle, og gratis for ungdom under 16 år.

Sjølv om vassdraget ikkje er vurdert av styringsgruppa, er verneverdiane godt dokumentert gjennom konsesjonssøknad og tilhørande KU. Stortinget tok i fjor vår vassdraget ut av utbyggingsprosjektet for Sauda, bl.a. pga. elvas verdi for laksefisk og den store friluftslivsbruken. Åbøelva bør derfor gå automatisk inn i verneplanen.

#### *Ognaåni, 121 km<sup>2</sup>, Hå, Egersund og Bjerkreim*

Vassdraget ligg i overgangen mellom Låg-Jæren og det svært kupert knauslandskapet i Dalaneregionen, og nedbørfeltet har eit spenn som reflekterer begge landskapstypar og geologiske formasjonar. I tillegg har Ogna mange innsjøar på lakseførande strekning, og er dermed eit godt eigna typevassdrag for ulike fagfelt. Ogna har blitt nasjonalt laksevassdrag pga. stor lakseproduksjon og øvrige naturkvalitetar, blir årlig kalka og har nå ein svært sterk laksebestand. Vassdraget har stor rekreasjonsverdi pga. svært populært laksefiske som er ope for alle. Det er brukt som argument mot vern at det er eit kraftverk i nedbørfeltet. Dette kraftverket er svært gammalt, og er stort sett berre i drift i flomsituasjonar og ved mye nedbør. Kraftverket er basert på overføring av eit lite nabonedbørfelt til Ognaåni heilt nedst i vassdraget, og påverker det lite. Elles er feltet utan kraftutbygging og har store urørte område. Det er i dag ikkje vesentlige utbyggingsinteresser, så vern av vassdraget bør ikkje vere konfliktfyllt.

### Hordaland

Styringsgruppa foreslo 6 objekt, NVE innstilte på tre av dei. I tillegg til dei undersøkte foreslår SRN at ytterligare 4 velkvalifiserte objekt blir verna. Eit av forslaga gjeld fullføring av eksisterande vern: Vaulaelva (Langfoss) er i dag verna fem sommarmånader. Ein supplert verneplan som tar med både objekta foreslått av styringsgruppa og våre tilleggforslag vil sikre Hordaland eit godt utval verna vassdragsnatur.

#### *Øysteseelva, 44 km<sup>2</sup> i Kvam*

Vassdraget starter i høgfjellet, og renn gjennom eit gammalt kulturlandskap som hal-  
dast i hevd med støling, slått og dyrka mark. Elva har utløp i Hardangerfjorden. Øvre  
delar av vassdraget er mye nytta i friluftslivssamanheng. Nord for Fitjadalsvatnet er  
det fleire store jettegryter, og ved innløpet nord i vatnet er eit delta som er ein prioritert  
naturtype. Ørredalsfossen nedst i vassdraget er eit fantastisk syn i periodar med stor  
vassføring. Det drivast aktivt kultiveringsarbeid i nedste del av vassdraget, både av  
laks og sjøaure. Det er ei lokal vernegruppe for vassdraget. Det er viktig å sikre eit  
vassdrag i ein region med mange utbyggingar, bl.a. i Bergsdalen og Kvitingen. I til-  
legg har nedbørfeltet mye inngrepsfri natur og eit representativt utval av naturtypar.  
Fylkesmannen har Øysteseelva høgt oppe på si liste over vassdrag i fylket som bør  
vernast.

#### *Vaulaelva, 31 km<sup>2</sup> i Etne og Sauda*

Elva er verna i fem sommarmånader. Den spektakulære Langfossen, som er eit svært  
verdifullt landskapselement og reiselivsmål, må sikrast heilårsvern. Ved fossen er det  
artsrike mosesamfunn med stor botanisk verdi. Øvre del av nedbørfeltet utgjer norden-  
den av Etnefjella, eit regionalt viktig turområde der Haugesund Turistforening har eit  
godt utbygd hytte- og rutenett. Ved stortingsbehandling av Saudaprojektet vart Vau-  
laelva tatt ut av planane, og alt skulle derfor ligge til rette for fullt vern av vassdraget.

#### *Dalelva, 107 km<sup>2</sup> i Etne og Odda*

Elva blir kalka, nedre del har laks, sjø- og bekkeare. Fuglefaunaen er relativt artsrik,  
88 artar er registrert, 6 er trua. Hjort og villrein finst også innafor nedbørfeltet. Vass-  
faunaen er relativt rik, bl.a. med mange grupper av botndyr og god tettleik. Øvre delar  
av nedbørfeltet inngår i det regionalt og nasjonalt viktige turområdet Etnefjella, der  
Haugesund Turistforening har eit hytte- og rutenett. Langs vassdraget går bl.a. opp-  
gangen til den mye brukte Simlebu frå E-76. Delar av denne vegen blir nå lagt i tunnel  
slik at Rullestadvjuvet vil framstå som eit unikt reisemål for alle. Her kan ein oppleve  
elva i tronge juv, ein gammal postveg heng i fjellssidene og velutvikla jettegryter  
(Nord-Europas største). Oppå fjellplatået er det store, vide landskapsrom, stor varia-  
sjonsbreidd og urørt natur. Det er også viktige beiteområde der elvane fungerer som  
sjølvgerde. Etter at Stortinget tok vassdraget ut av Saudaprojektet bør Dalelva inn i  
verneplanen.

#### *Kvitnoelva/Byteselvi 14 km<sup>2</sup> i Odda og Ullensvang*

Vassdraget har sine kjelder på Folgefonna, mellom nord- og sørbreen, og utløp i Sør-  
fjorden. Store delar av nedbørfeltet vil inngå i framtidig nasjonalpark/landskapsvern-  
område. Vassdraget har store kontrastar og eit vilt preg, er eit markert og flott element  
i landskapet og bidrar til å binde fjord og fjell saman. I dei bratte skogsliene er arts-  
mangfaldet stort, og her hekker sjeldne fugleartar som kvitryggspett og hønsehauk.  
Det er fin aure i Raundalsvatnet, som er det viktigaste fiskevatnet vest for Sørfjorden.  
Området er ein viktig innfallsport til breen, og brukast som oppstiging for Breturar.  
Vassdraget har stor typeverdi, og verneplanen mangler vassdrag på austsida av Folge-  
fonna.

#### Sogn og Fjordane

I fylket er 20% av kraftressursane verna, dvs. omtrent som landsgjennomsnittet. Sty-  
ringsgruppa foreslo 7 nye objekt mens NVE har tatt ut 5 av dei. I tillegg har Stortinget  
gitt konsesjon for utbygging i Kjosnesfjorden, så SRNs forslag om Lundeelva går der-  
for ut. Vi foreslår fire nye objekt i fylket.

*Ortnevikvassdraget, Høyanger kommune, 58 km<sup>2</sup>*

Vassdraget drenerer til Sognefjorden frå sør, og har sine kjelder i Stølsheimen. Det er typevassdrag for midtre fjordstrøk ved Sognefjorden. Stølsheimen er eit viktig friluftsområde av regional/nasjonal verdi der det er lagt godt til rette for fotturar med hytter og merka stiar. Vassdraget er ein naturleg innfallsport til fjellområdet. Området blir også brukt til skigåing, jakt, fiske og bærplukking. Av landskapselement framhevast Fessene, som er ein imponerende foss på strekningen Furedalsvatnet-Vassdalsvatnet. Variasjonen i landskapsformer er stor, og vassdraget viser stort mangfald med elver som veksler mellom fossar, stryk og rolige, meanderande parti. I nedre del er det ein verdifull fosserøyklokalitet med godt utvikla og interessant lav- og moseflora. Nedre del av elva er laks- og sjøauførande. Øvre del av nedbørfeltet inngår i Fjellheimen villreinområde. Den alpine fuglefaunaen er artsrik og godt utvikla. Nedbørfeltet har rike kulturminne både frå steinalder, jernalder, bronse- og middelalder, mange knytt til jakt og fangst. Også kulturminne frå nyare tid knytt til vassdrevne anlegg er typiske.

BKK har utbyggingsplanar for vassdraget som er svært konfliktfylte for friluftsliv. Stølsheimen har allereie mange inngrep som følgje av vasskraftutbygging, og ingen av vassdraga som drenerer frå landskapsvernområdet mot Sognefjorden er verna. Store delar av nedbørfeltet er inngrepsfritt, og bortsett frå busetting og vegar ved fjorden, har det ingen tyngre tekniske inngrep. Ortnevikvassdraget bør inn i verneplanen som ein representant for Sognefjordens midtre fjordstrøk.

*Mjølsvikelva, Høyanger kommune, 17km<sup>2</sup>*

Mjølsvikelva er nabovassdrag i vest til Ortnevikvassdraget, og drenerer derfor også til Sognefjorden frå sør, med kjeldene i Stølsheimen. Vassdraget utgjer saman med Ortnevikvassdraget viktige delar av Stølsheimen og Bergen Turlag sitt rute- og hyttenett. Landskapet er variert og viser stor kontrastriksdom. Under Mjølsvikfossen er det store fosseenger, ein relativt sjeldan naturtype heilt avhengig av fossesprut. I utløpet ved Mjølsvik er det ei stor breelvvifte, og i Mjølsvikdalen dokumenterer terrasseflater marin grense i området. Nedbørfeltet har bra med kulturminne, både frå tidligare tiders jakt og fangst, fjellstølar og eit gardskraftverk på Mjølsvik frå 1939.

BKKs planar om kraftutbygging vil ha store negative konsekvensar, bl.a. vil regulering av Storavatnet øvst i Mjølsvikelva hindre passasjen mellom fjorden og Norddalshytta.

Mjølsvikelva er eit bra supplement til Ortnevikvassdraget, og vern av desse to elvene vil sikre urørte vassdrag som drenerer Stølsheimen i eit område som elles er dominert av kraftutbygging.

*Feioselvi, Vik kommune, 75 km<sup>2</sup>*

Nedbørfeltet strekker seg frå Fresvikbreen til Sognefjorden. Området rundt Fresvikbreen skal etter Norsk sti- og løypeplan vere utan tyngre fysisk tilrettelegging for friluftsliv. Området er i dag mye brukt til friluftsliv, bl.a. går det sti opp mot breen. Øvre delar av nedbørfeltet er utan tyngre tekniske inngrep, mens det er noe busetting og vegar i nedre del. Mye av nedbørfeltet er inngrepsfritt. Sjøaure kan gå snautt 1 km opp i vassdraget. I tillegg blir det fiska noe innlandsaure lenger opp i elva. Det er gjort funn av gravrøyser frå jernalderen på fleire av gardane. Det finst konkrete utbyggingsplanar for Feioselvi som vil tørrlegge nedre delar av vassdraget.

## Møre og Romsdal

Styringsgruppa foreslo tre vassdrag frå fylket, men NVE tok ut to av dei. SRN foreslår to vassdrag samt ei supplerings/justering i tillegg til dei styringsgruppa har undersøkt.

### *Batnfjordelva, 69 km<sup>2</sup>, Gjemnes*

Dette er eit flott kystvassdrag i nabokommunen til Molde, der elvedeltaet er verna som naturreservat. Lokaliteten har nasjonal/internasjonalt verdi som typeområde, og er ein av få gjenverande større grusøyrrer i fylket med relativt store areal intakt strandeng. Lokaliteten har store botaniske og ornitologiske verneverdiar og er geografisk særeigen fordi den som einaste større delta i fylket ligg i overgangen mellom midtre og indre fjordstrøk. Batnfjordelva fører laks og sjøaure i ca. 8 km. Gyrodactylus salaris vart påvist på lakseungar i elva i 1980. Nedbørfeltet starter på ca. 1000 m og faller relativt slakt ned mot fjorden. Dalen har både elveavsetningar og hav/fjordavsetningar. Nedbørfeltet har fleire interessante lokalitetar, bl.a. ei lauvskogsli og eit rikmyrområde.

### *Urkeelva, 30 km<sup>2</sup>, Ørsta*

Elva har utløp i Norangsfjorden og kjeldene innunder fjellet Slogen. Urkeelvas utløp danner eit markert vifteforma delta. Det er veg eit stykke opp langs elva, men elles ingen tekniske inngrep i nedbørfeltet. Store delar av vassdraget er villmark eller inngrepsfri natur. Merka rute til Patchellhytta rett aust for nedbørfeltet og mot Slogen går via Urkeelva, og gjer området verdifullt for friluftsliv. Dalføret har store kontrastar og er eit av dei mest særprega områda i fylket. Heilskapen med jordbruk, vakker natur og fleire spesielle kulturminne gjer området opplevingsrikt. Ørsta kommune har foreslått vern av vassdraget.

### *Bygdaelva/Frøysadalselva, 77 km<sup>2</sup>, Stranda og Stryn*

Den søraustre delen av nedbørfeltet, Holedalen, er i dag verna mot kraftutbygging, men verdiane er like store i den sørvestlige greina, dvs. Frøysadalen, samt i hovudelva nedstrøms dei to dalane. Sidan nedre del av hovudelva har ein del inngrep, bl.a. busetting, veg og forbygningar samt eit relativt nytt og skjemmaende kraftverk nær utløpet, foreslår vi å **ta med Frøysadalselva** frå samløp med Holedalselva og oppover. Området har stor verdi for friluftsliv og rekreasjon, herunder fiske, jakt og turgåing. Landskapet er variert og storslått, og området har rike kulturminne. Dette er altså ei **utviding** av eksisterande vern.

## Sør-Trøndelag

22% av vasskraftressursane i fylket er verna. Styringsgruppa foreslo seks nye vassdrag i fylket, mens NVE gikk inn for fire av dei. Det betyr likevel at verneprosenten blir relativt høg, og forslag utover dette må vere veldig godt grunngitt. SRN foreslår ytterligere fire vassdrag.

### *Gisna, 97 km<sup>2</sup>, Rennebu og Oppdal*

Dette er eit sidevassdrag til Orkla, og det er i stor grad urørt. Det ligg noen hytter langs elva, men godt over 50% av arealet er inngrepsfritt. Gisna har heller ikkje verna nabovassdrag. Nedbørfeltet har interessante geologiske former, bl.a. unike meandrar og gjuvlandskap av nasjonal verdi, og stort artsmangfald, med seks raudlisteartar og seks sårbare artar. Eit viltområde er nasjonalt viktig. Vestlige delar av vassdraget er eit vik-

tig friluftsområde. Eit våtmarksområde er verna som naturreservat. Gisna er eit reint aurevassdrag, og delar av elvestrekningen har stor fiskeinteresse.

#### *Langvella, 74 km<sup>2</sup>, Oppdal*

Dette er også eit sidevassdrag til Orkla, og nedbørfeltet er nesten heilt urørt, med 50% inngrepsfritt areal. Det er noe busetting langs elva, og veg krysser i sør. Det er ikkje andre verna vassdrag i området. I nordre del er det svært karakteristiske gjel og ein foss med regional verdi. Heile nedbørfeltet er viktig som friluftsområde, og Trondhjems Tf. har hytte og ruter i området. Vassdraget ligg i randsona til Dovrefjell, og delar av feltet ligg innafor etter utvidinga. Delar av feltet ligg innafor leveområdet til Knutshøreinen, den genetisk sett mest ville rein i Norge. I Samla plan er det konkrete planar om overføring av Langvella til Innerdalen, eit prosjekt som totalt vil rasere eit urørt sidevassdrag til Orkla, og som samtidig berre gir drygt 20 GWh ny kraft. Vi vil understreke at Oppdal kommune ønskjer vern av vassdraget.

#### *Rotla, 257 km<sup>2</sup>, Selbu, Meråker og Tydal*

Sidevassdrag til Nea og nabovassdrag til Garbergelva. Bortsett frå at dei nedre 7 km av hovudelva og sideelva Krossåa er tørrlagt pga. kraftutbygging, og at riksveg og kraftlinje krysser vassdraget, er nedbørfeltet nesten urørt og har stor type- og referanseverdi. I Verneplan IV var Rotla faglig vurdert til å ha stor verneverdi for botanikk, landfauna, vassfauna og kulturminne samt svært stor verdi for friluftsliv. Øvre delar har urskogpreg, og dette er det siste urørte skoglandskapet i Trøndelags indre delar. Nedbørfeltet har bra mangfald av vegetasjonstypar og artar, der fuglar med tilhald i boreal barskog dominerer. Det er registrert fleire trua artar både innan flora og fauna. Mange fossar, menadrar og gjel har regional/nasjonal verdi. Midtre/øvre delar av nedbørfeltet ligg innafor den vedtatte Skarvan og Roltdalen nasjonalpark, men nedre del av elva er utafor. Vi meiner det er viktig å sikre også denne delen, og tar opp at forslaget til Vp. IV-utvalet om vern av Rotla oppstrøms samløpet med Krossåa. Dette vil vere eit viktig supplement til vern av Garbergelva.

#### *Borga 86 km<sup>2</sup>, Røros/Sverige*

Vassdraget har utløp i Aursunden ved Brekken. Noen km før utløp møtast dei to sideelvene Vaula (kjem frå nordaust) og Borga (kjem frå søraust). Vi ønskjer berre å ha med Borga oppstrøms samløpet med Vaula. Da vil den inngrepsfrie delen gå frå 60 til nærmare 80%, og vi unngår vegen som deler nedbørfeltet i to. Borga har urørte område mot fjellmassivet Vigelen og mot Sverige, dvs mot søraust. Her er det også viktige friluftsområde. To større fossar har regional verdi, flomløp har trulig nasjonal verdi og gjuvlandskap mot Vigelen har nasjonal verdi. Det er viktige friluftsområde i nedbørfeltet. Det er aure og røye i dei fleste vatn, og viktige viltområde i heile nedbørfeltet, fem raudlisteartar og tre sårbare.

#### Nord-Trøndelag

Fylket er relativt godt dekkja opp i tidlige verneplanar. Ca 30% av kraftpotensialet er verna, altså over landsgjennomsnittet. Dei vassdraga som blir foreslått bør derfor vere godt grunnlagt. Styringsgruppa tok med fem nye vassdrag, NVE reduserte dette til tre, mens SRN meiner det er behov for å ha med ytterligere fire objekt.

#### *Havdalselva, 122 km<sup>2</sup>, Lierne*

Grensevassdrag med utløp i Kvarnbergsvatnet i Sverige. To mindre vegar er innom delar av nedbørfeltet, men elles er det urørt av tekniske inngrep. Eit villmarksområde

på 181 km<sup>2</sup> (eit av Sør-Norges største) delast med nabovassdraget Nesåa. Geologien i området er spennande, og gir elva eit variert og vilt preg med stryk, fossar og eit 1 km langt og svært fint utforma gjelområde. Artsmangfaldet er stort, særlig innan botanikk, og nye funn av til dels svært sjeldne og trua raudlistearter forsterker forslaget om vern. Havdalselva er gyteområde for auren i Kvarnbergsvattnet på svensk side. I tillegg er vassdraget trua av kraftutbygging pga. konsesjonssak.

#### *Storåselva i Grana, 278 km<sup>2</sup>, Snåsa*

Urørt sidevassdrag til Grana, som har utløp i Snåsavatnet. SRN foreslår vern av Storåselva oppstrøms samløp med Buråselva, dvs. omtrent frå Gravbrøtfossen og oppover. Delar av nedbørfeltet går inn i den utvida Gressåmoen nasjonalpark, og er ein viktig innfallsport til området. Her er det villmark i ordets eigentlige forstand, og ikkje ein gong veg. Nedbørfeltet har relativt rik berggrunn, noe som gir artsrike plantesamfunn og stor produksjon. Området har også bra med vilt, og øvre delar har gode aurebestandar. I nedre del av feltet er Gravbrøtfossen ein attraksjon, som i SP-rapport er omtalt som "svært vakker foss med stor inntrykksstyrke". Fossen går i eit utprega gjel og eit verdifullt naturområde, og har godt utvikla jettegryter. Den står nå i fare for å bli kraftig forringa pga. kraftutbygging. Dammar og andre innretningar etter tømmerfløyting er synlige mange stader i nedbørfeltet. I NVEs oppsummering 01.11.01 står det at nedre del er sterkt kulturpåverka med flyplass, jordbruk og forbygging. Dette er feil.

#### *Figga, 283 km<sup>2</sup>, Steinkjer og Verdal*

Låglandsvassdrag, som det er svært få av i verneplanen. Elva har mindre forbyggingar, men elles ikkje tekniske inngrep. Nedbørfeltet har eit aktivt og levande kulturlandskap. Sentralt i nedbørfeltet ligg Leksdalsvatnet, ein næringsrik innsjø med svært rikt fugleliv (over 180 artar observert). Figga er etablert som nasjonalt laksevassdrag og har 26 km lakseførande strekning. Vassdraget har Gyro og er prioritert for rotenonbehandling.

#### *Grytbogelva, 42 km<sup>2</sup>, Nærøy, Høylandet og Bindal*

Dette er eit kystvassdrag som i praksis er utan inngrep. Det har i tillegg store naturverdiar og eit verdifullt landskap, bl.a. mektige geologiske landskapsformar. Delar av nedbørfeltet er viktig viltområde for sjeldne og sårbare artar. Nedbørfeltet er det også eit lokalt viktig friluftsområde, og elva har sporadisk forekomst av laks. Verneplanen er underrepresentert på kystvassdrag, og dette bør vi absolutt ha råd til å ta med.

#### Nordland

Fylket ligg godt under landsgjennomsnittet når det gjeld verna vassdrag. Styringsgruppa foreslo å ta inn 14 vassdrag (to av dei, Tespa og Bjøllåga, vha. naturvernloven ved å utvide nasjonalpark), mens NVE tok med 8. SRN foreslår å ta med 9 i tillegg til dei som er undersøkt.

#### *Leirelva, 57 km<sup>2</sup>, Leirfjord*

Bortsett frå ein veg inn i området, er Leirelva utan tekniske inngrep, og har 80% inngrepsfritt areal. Landskapet er prega av breerosjon med avrunda fjell og trange u-dalar. Nedbørfeltet har regional verdi for friluftsliv, og blir brukt til turar året rundt. I tillegg er jakt, fiske, bær/sopplukking og båtbruk vanlige aktivitetar. Elva har gode bestandar av sjørøye (sørligaste forekomst i Norge som er stabil og robust) og sjøaure. Nedbørfeltet har samiske kulturminne langt tilbake i tid, og området brukast stadig til reinbeite. Kommunestyret tilrådde i 1991 plassering av eit utbyggingsprosjekt i SP-kategori

III. I nytt vedtak i år sa kommunestyret (med 17 mot 2) nei til å konsekvensutgreie nye utbyggingsplanar frå Helgelandskraft. Fylkesmannen støtter vern.

*Messingåga, 51 km<sup>2</sup>, Rana*

Dette er eit urørt sidevassdrag til Ranaelva. Det er eit regionalt viktig naturområde, og bl.a. eit av regionens aller viktigaste når det gjeld våtmarksfugl, Nedbørfeltet har røye og aure av god kvalitet. Terrenget er godt eigna for ski- og fotturar, og attraktivt for jakt og fiske. Regionen er sterkt påverka av kraftutbygging, og vi meiner det er viktig å sikre urørte delfelt i dette området.

*Kjerringåga, 23 km<sup>2</sup>, Lurøy og Rødøy*

Vassdraget er del av eit større, urørt område rundt Gjervalen der indre delar har kvalifisert villmark. Kjerringåga har stor landskapsmessig variasjon, og er rikare enn vassdraga rundt, med bl.a. fleire lausmasseavsetningar og velutvikla bjørkeskog. Gjervalelva, som allereie er verna, er veldig forskjellig frå Kjerringåga og dekkjer andre kvalitetar. Dette er eit av dei viktigaste friluftsområda i Lurøy kommune, og planlagt utbygging gir sterkt redusert vassføring i Storåga frå nedre Kvannskardvatnet til Vassvatnet og reduserer friluft- og opplevingsverdien vesentlig. Fuktelskande vegetasjon ved Kvannskardvatnet og langs Storåga blir også negativt påverka, og fisket kan bli redusert ved regulering.

*Oldervikelva, 15 km<sup>2</sup>, Rødøy*

Vassdraget har stor opplevingsverdi, med eit variert nedbørfelt som veksler frå frodige og bratte fjellsider via fossar og stryk til vatn som ligg i opne landskapsrom. Vassdragsnaturen er spesiell, og forma av elvas arbeid ved erosjon og avsetningar. Planlagt utbygging med regulering av Storåvatn med 27m og "tørrlegging" av elva nedstrøms er svært uheldig for desse kvalitetane. Det er også sannsynlig at kulpar for større aure blir borte, og gytemogheitene blir i praksis øydelagt, med auka fare for innfrysing av egg. Vassdraget er med unntak av veg og kraftlinje som krysser ved utløpet, heilt utan inngrep.

*Steikvasselva/Spjeltfjellelva, 124 km<sup>2</sup>, Hemnes*

Elvane drenerer til Røssvatnet, og er urørte bortsett frå veg aller nedst. Berggrunnen er svært næringsrik, noe som reflekterast i rik og svært interessant flora. Elvane er brepåverka og drenerer Oksbreen, Nord-Norges nest største. Området har nasjonal verdi for friluftsliv, med Nord-Norges høgste topp i nedbørfeltet, og er mye brukt til turar langs merka løyper. Begge vassdraga er innfallspørt til Okstindmassivet. I Spjeltfjellelvas nedbørfelt er det viktige våtmarksområde, og det er registrert to fjellrevhi. I ein region med mye kraftutbygging er det viktig å sikre urørte elvar.

*Saksenvikelva, 67 km<sup>2</sup>, Saltdal og Fauske*

Nedbørfeltet er nesten utan inngrep, og vassdraget har type- og referanseverdi. Vi viser til Verneplan IV, der vassdraget fekk stor verdi for botanikk, kulturminne og friluftsliv. I tillegg er det viktig å understreke at i Vp. IV vart ikkje øvre delar av feltet undersøkt, der dei største verneverdiane ligg. Landskapet har store kontrastar, og elva går dels i bratt v-dal og dels i flatare u-dal. I nedre del skjer den seg ned i mektige lausmassar. Nedbørfeltet har rike myrer, rik lausvass og høgstaudebjørkeskog, og diverse raudlisteartar på faunasida. Nedre delar av feltet er lett tilgjengelig, øvre delar er velegna for turar året rundt samt jakt og fiske.

### *Vasjaelva, 40 km<sup>2</sup>, Tysfjord*

Vassdraget vart vurdert saman med andre vassdrag i Hellemofjord i Vp. IV, og objektet fekk svært stor verdi for alle fagfelt. Vasja skiller seg klart ut frå Stabburselva, som vart verna, og vil vere eit ypperlig supplement til denne. Det gjeld bl.a. berggrunn og vegetasjon der Stabburselva har tungt forvitrelig granitt og fattig flora mens Vasja har skifrige og næringsrike bergartar og rik flora. Frå Hellemobotn er det sti opp langs vassdraget og inn i Sverige. Det er planar om nasjonalpark både i Norge og Sverige, så her kan det bli eit samanhengande verneområde. Vasja er heilt urørt av tekniske inngrep og har stor type- og referanseverdi. Alt dette burde soleklart kvalifisere for vern.

### *Åselivassdraget, 19 km<sup>2</sup>, Bodø*

Med unntak av veg som krysser elva nedst er nedbørfeltet utan inngrep, og 86% er inngrepsfritt, 3,5% er villmark. Vassdraget ligg nær Bodø, og drenerer eit vilt og spesielt landskap med kvasse tindar og velutvikla u-dalar. Nede i dalen er elva meandre- rande. Området er mye brukt til friluftsliv, det er merka turløyper, og topturar er populært. Området er klassifisert som svært viktig for biologisk mangfald med yngleområde for bl.a. havørn og jaktfalk.

### Troms

Fylket har ein svært høg verneprosent, og det skal mye til å finne vassdragstypar som ikkje er representert allereie. Styringsgruppa har foreslått eitt objekt, og SRN foreslår eitt til. Da meiner vi Troms er svært godt dekkja i verneplanssamanheng.

### *Rakkfjordelva, 23 km<sup>2</sup>, Tromsø*

Vassdraget vart vurdert i Vp. IV, og fekk stor verdi for alle undersøkte naturfag, dvs botanikk, land- og vassfauna. Innan nedbørfeltet er det eit myrreservat. For øvrig er fuglefaunaen rik, spesielt på våtmarksfugl. Nedbørfeltet har få tekniske inngrep og er typisk for skogfattige kystvassdrag i Troms. Rakkfjordelva har verdi som referanse- vassdrag, og dekker opp ein region som har få verna vassdrag.

### Finnmark

Vi har ingen merknader til forslaget frå Finnmark. Fylket er godt dekkja i tidligare verneplanar, og vi meiner det ikkje er stort behov for å supplere dagens vern. Dei tre objekta styringsgruppa har foreslått, er trulig tilstrekkelig.

### Prioritert liste

Vi meiner at alle dei 38 vassdragsobjekta vi foreslår å verne i tillegg til objekta behandla i styringsgruppas høringsrapport, har så store kvalitetar at dei opplagt hører heime i verneplanen. For likevel å peke på dei mest verneverdige blant desse, har vi laga ei liste med dei 11 vassdragsobjekta vi meiner det er aller mest viktig å få med i tillegg til dei som er undersøkt. Den følger under.

<i>Vassdrag</i>	<i>Grunn for prioritering</i>
Hovda	Urørt, villmark, naturreservat, naturfaglig verdi, friluftsliv
Fjelldokka	Urørt, utbygging avslått, verneområde, geologi, friluftsliv
Hovundåi	Supplering av objektet Dalaåi/Rukkeåi, få med nedre del
Sokndalselva	Stort biol. mangf., kulturminne, laks, friluftsliv, typeverdi
Øysteseelva	Fin foss, laks, kulturlandskap, friluftsliv, inngrepsfri natur

Vaulaelva	Fantastisk foss/turisme, friluftsområde, konsesjon avslått
Ortnevikvassdraget	Landskapsvern, foss, få inngrep, friluftsliv, utbyg.trussel
Bygdaelva	Supplere eksisterande vern ved å ta med Frøysadalselva
Rotla	Tilnærma urørt, urskog, friluftsliv, flora/fauna, omr.vern
Saksenvikelva	Tilnærma urørt, type/referanseverdi, landskap, flora/fauna
Vasjaelva	Urørt, type/refranseverdi, suppl. til Stabburselva, rik flora

## KONKLUSJON

SRN meiner at dei 63 vassdraga styringsgruppa har foreslått å verne, fullt ut forsvarer ein plass i verneplanen. Det er godt dokumentert i høringsrapporten. Derfor er det svært skuffande at NVE har tatt ut ytterligere 24 av desse, og berre finn rom for å verne 39 vassdrag (to ved bruk av naturvernloven).

SRN finn det også overraskande at ikkje alle verneverdige vassdrag blir vurdert i denne omgangen, som definitivt blir den siste verneplanen for vassdrag. Vi meiner at styringsgruppa/NVE altfor lett har tatt ut vassdrag som viser seg å ha store verdiar, og derfor har vi foreslått å ta inn att 29 av dei vurderte vassdraga, og justere/supplere fire andre. Dessutan har vi tatt med 38 nye vassdrag. Vi meiner at det totale omfanget på vassdrag i denne verneplanen bør vere på minst hundre.

I tillegg er vi opptatt av at vernet skal bli reelt ved at ein legg større vekt på å unngå kraftutbygging og andre inngrep i vassdragsbeltet til verna vassdrag. Det må skje både gjennom eit betre og klarare lovverk og ei meir konsekvent og tydelig forvaltning.